



## Regionalt miljøprogram for Vestland

2019 – 2022

Utkast pr 14.02.2019



Fylkesmannen i Vestland

## Innhaldsliste

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>5</b>
1.1 Bakgrunn .....	5
1.2 Nasjonale føringar .....	5
1.3 Bakgrunnsdokument .....	7
1.4 Regionalt miljøprogram og føringar for Spesielle miljøtiltak i jordbrukskolen (SMIL) .....	7
<b>2 Verdiar i kulturlandskapet.....</b>	<b>8</b>
<b>3 Utfordringar knytt til miljøverdiar i jordbrukskolen sitt kulturlandskap .....</b>	<b>10</b>
3.1 Miljøtema Kulturlandskap .....	10
3.1.1 Endringar i landskapet.....	10
3.1.2 Bratt jordbruksareal .....	11
3.1.3 Veglaus dyrka mark .....	12
3.1.4 Utmarksbeite .....	12
3.2 Miljøtema Biologisk mangfold .....	13
3.2.1 Truga artar og naturtypar .....	13
3.2.2 Slåttemark .....	14
3.2.3 Kystlynghei .....	14
3.2.4 Styvingstre .....	15
3.2.5 Truga fugleartar knytt til jordbrukskolen sitt kulturlandskap .....	16
3.2.6 Framande artar .....	16
3.2.7 Pollinerande insekt .....	17
3.3 Miljøtema Kulturminne og kulturmiljø .....	17
3.3.1 Kulturminne .....	17
3.3.2 Stølsdrift .....	18
3.4 Miljøtema Tilgjenge og friluftslivverdiar .....	19
3.5 Miljøtema Avrenning til vatn.....	20
3.5.1 Punktutslepp .....	20
3.5.2 Arealavrenning .....	21

3.5.3	Erosjon.....	22
3.5.4	Jordmassar.....	23
3.5.5	Drenering.....	23
3.5.6	Avfall.....	23
3.6	Miljøtema Utslepp til luft .....	24
3.7	Miljøtema Plantevernmiddel.....	25
3.8	Miljøtema Økologisk jordbruk.....	26
<b>4</b>	<b>Mål, strategiar og tiltak.....</b>	<b>26</b>
4.1	Mål og strategiar .....	26
4.2	Regionale miljøtilskot – oversikt og samsvar med strategiar.....	27
4.3	Regionale miljøtilskot innan kulturlandskap .....	29
4.3.1	Tilskot til drift av bratt areal.....	29
4.3.2	Tilskot til drift av beitelag .....	30
4.3.3	Tilskot til slått av verdifulle jordbrukslandskap.....	31
4.4	Regionale miljøtilskot innan biologisk mangfald.....	31
4.4.1	Tilskot til slått av slåttemark.....	31
4.4.2	Tilskot til beiting av kystlynghei .....	33
4.4.3	Tilskot til brenning av kystlynghei .....	34
4.4.4	Tilskot til skjøtsel av truga naturtypar .....	36
4.4.5	Tilskot til skjøtsel av styvingstre .....	37
4.4.6	Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl .....	38
4.5	Regionale miljøtilskot innan kulturminne og kulturmiljø.....	40
4.5.1	Tilskot til drift av støl .....	40
4.5.2	Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne .....	41
4.6	Regionale miljøtilskot innan avrenning til vatn og utslepp til luft .....	42
4.6.1	Tilskot til kantsone i eng .....	42
4.6.2	Tilskot til spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen .....	44

4.6.3	Tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel.....	45
4.6.4	Tilskot til spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange .....	45
<b>5</b>	<b>Oppfølging av miljøprogrammet.....</b>	<b>47</b>
<b>6</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>49</b>
6.1	Vassdrag og vassførekommstar som inngår i tiltaka Kantsone i eng (§15) og Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen (§16)	

Foto framside:

*Ø. Vatshelle, L. A. N. Kusslid, H. Haaland, A. K. Marstein og L. K. Flesland*

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Gjennom handsaminga av St. meld nr 19 (1999 – 2000) om norsk landbruk og matproduksjon, vart det bestemt at det skulle innførast eit miljøprogram for landbruket. Det vart såleis innført fylkesvise miljøprogram frå 2005, og programma vert finansiert over jordbruksavtalen. Den overordna målsettinga med miljøprogramma er å auke målrettinga av miljøarbeidet i landbruket og gjere den samla miljøinnsatsen i landbruket meir synleg. Produksjonsforhold og miljøutfordringar varierer til dels sterkt mellom fylka, og regionale miljøprogram kan både definere utfordringane og utforme verkemidla betre enn mål og ordningar som gjeld for heile landet.

Dei fylkesvise miljøprogramma har hatt programperiodar på fire år med rullering kvart fjerde år sidan oppstarten i 2005. Programperioden (2013-2016) vart forlenga til å gjelde ut 2018, for mellom anna å leggje til rette for ei best mogeleg samordning med forvaltningsløysinga for produksjonstilskot, og samordne med rulleringa av Regionalt bygdeutviklingsprogram. Som eit ledd i arbeidet med rulleringa av det regionale miljøprogrammet, fekk fylkesmennene hausten 2016 i oppdrag å gjere ei evaluering av erfaringar og resultat frå programperioden (2013-2016). Evalueringa skulle mellom anna ta føre seg måloppnåing og effekt av tiltaka i programmet. Målet var hovudsakleg å finne forbetringspotensiale og auke måloppnåinga av tiltaka som eit grunnlag for det nye programmet som skal iverksetjast frå 2019.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland vart frå 1. januar 2019 samanslege til eitt nytt, felles embete; Fylkesmannen i Vestland. Dette programmet er utarbeida i fellesskap mellom Fylkesmennene i dei to tidlegare embeta og i seinare tid av Fylkesmannen i Vestland. I 2019 er Sogn og Fjordane og Hordaland samstundes framleis to sjølvstendige fylke. Programmet vil gjelde for begge fylka i 2019, og frå og med 2020 vil programmet gjelde for Vestland fylke etter den venta samanslåinga av dei to fylka. I dette dokumentet vert Hordaland og Sogn og Fjordane omtala som Vestland.

## 1.2 Nasjonale føringer

Stortingsprop. 94 S (jordbruksoppgjøret 2018 mm) omtalar dei regionale miljøprogramma slik: «*De regionale miljøprogrammene skal gi en målretting av miljøinnsatsen i jordbruket ut over det som er mulig gjennom generelle nasjonale ordninger. Programmene skal fremme særskilte miljømål for jordbruket: Redusere forurensning til vann og luft, ivareta kulturlandskap og kulturminner, tilrettelegge for friluftsliv og ivareta biologisk mangfold.*» Vidare: «*I programmet skal miljøutfordringer i fylket beskrives, og på bakgrunn av disse, skal det gjøres prioriteringer av hvordan man vil følge opp med tiltak. Programmet skal også gi føringer for prioriteringer i de kommunale tiltaksstrategier for bruk av SMIL-midler. Tiltakene i de regionale miljøprogrammene skal gjenspeile miljøutfordringene i det enkelte fylke, med utgangspunkt i den nasjonalt fastsatte tiltaksmenyen.*»

Stortingsprop. 94 S (jordbruksoppgjøret 2018 mm) gir følgjande føringer for prosessen med å utarbeide RMP: «*Programmene skal gjelde fra søknadsomgangen 2019, med utbetaling i 2020.*» «*Miljøprogrammene utarbeides i samarbeid med det regionale partnerskapet og fastsettes av*

*Fylkesmannen etter samråd med Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag.*

*Landbruksdirektoratet skal gjøre en utsjekk av programmene før fastsettelse i fylkene.»*

Stortingsprop. 94 S (jordbruksoppgjøret 2018 mm) omtalar fylkessamanslåingar: «*De nye miljøprogrammene skal utarbeides innenfor de nye fylkesmannsembetene. Dette krever harmonisering av programmene mellom de embetene som skal slås sammen.»*

Nasjonalt miljøprogram omhandlar nasjonale miljømål og verkemiddel for miljø- og klimaarbeidet i jordbruket. Det skal bidra til å imøtekome nokon av utfordingane og måla i norsk jordbruk, samstundes som det skal bidra til å nå dei internasjonale og nasjonale klima- og miljømåla. Saman med Nasjonal instruks for regionale miljøtilskot i jordbruket legg det nasjonale miljøprogrammet føringar for kva dei regionale miljøprogramma skal fokusere på, samt føringar for utforming av dei regionale forskriftene.

Nasjonalt miljøprogram er delt i følgjande åtte miljøtema med tilhøyrande mål:

Miljøtema	Mål i Nasjonalt miljøprogram
Kulturlandskap	Ta vare på og utvikle jordbruket sitt kulturlandskap Ta vare på variasjonen i jordbruket sitt verdifulle kulturlandskap
Biologisk mangfold	Ta vare på og skjøtte biologisk verdifulle areal i jordbruket Betre status for truga artar i jordbruket Auke bruk og vern av jordbruket sine genetiske ressursar
Kulturminne og kulturmiljø	Betre tilstanden for kulturminne og kulturmiljø i jordbruket
Tilgjenge og friluftslivsverdiar	Betre ålmenta sin tilgang til jordbrukslandskapet
Avrenning til vatn	Ingen vassførekommstar i jordbruksdominerte område skal få dårlegare tilstand Betre tilstanden for dei mest utsette vassførekommstane i jordbruksdominerte område
Plantevernmiddel	Redusere helse- og miljørisikoen ved bruk av plantevernmiddel i jordbruket
Utslepp til luft	Redusere utslepp av ammoniakk frå jordbruket Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket Auke opptak av karbon i jord
Økologisk jordbruk	Stimulere til økologisk produksjon i tråd med etterspurnaden i marknaden

Den nasjonale instruksen inneholder ei fullstendig liste over moglege tilskotsordningar som kan inngå i dei regionale miljøprogramma, og instruksen set vilkår for kvart tiltak. Fylka skal definere eigne

miljøutfordringar med tilhøyrande strategiar. På grunnlag av dette skal fylka velje tiltak til sitt regionale miljøprogram frå den nasjonale instruksen med målsetting om å gjere miljøsatsinga i fylket mest mogeleg målretta. Den nasjonale instruksen gjev rom for at fylka for einskildtiltak kan velje kva område eller areal tiltaka skal gjelde, nedre og øvre grense for kor mykje det kan søkast på, og krav til beitetrykk/beitetidspunkt/beitelengde. For nokre av tiltaka kan eller skal Fylkesmannen utarbeide skjøtselsråd for å sikre at skjøtselen blir gjennomført slik at verdien i tiltaket blir tatt vare på eller forbetra.

I jordbruksoppgjøret 2018 vart partane samde om at alle fylker i sine miljøprogram skal ha tiltak til drift av støl med tilskot til støling i minst 6 veker. Det vart også bestemt at tiltaket drift av bratt areal skal inngå i alle fylka sine miljøprogram unntake Østfold, Akershus, Vestfold og Finnmark. I samband med dette vart det tildelt ekstra midlar som var øyremerka tilskot til bratt areal. Vidare var avtalepartane einige om at alle fylke skal ha tilskot til tiltak som kan bidra til å redusere utsleppa til luft. I Stortingsprop. 94 S (jordbruksoppgjøret 2018 mm) står følgjande: «*I St. meld 11 (2016–2017) og i jordbruksoppgjøret 2017 ble det presisert at tiltak som kan bidra til reduserte utslipper til luft må innlemmes i de reviderte miljøprogrammene. Det viktigste tiltaket med klar virkning på reduserte utslipper til luft og vann er miljøvennlig spredning av husdyrgjødsel, eksempelvis med bruk av stripespreder som gjør at gjødsela blir lagt ned på bakken... De miljøvennlige metodene for gjødselspredning har spesielt stor betydning for utslipper av ammoniakk (og dermed også indirekte lystgassutslipp) og luktproblemer, dette vises det også til i rapporten Klimatiltak i jordbruket. Bedre utnyttelse av husdyrgjødsel ved bruk av miljøvennlige spredemetoder som nedfelling og nedlegging, vil føre til redusert forbruk av mineralgjødsel fordi nitrogenet blir mer tilgjengelig for plantene når det spres på denne måten og ammoniakkrapet til luft reduseres. Norges rapporterte utslipper av ammoniakk overstiger forpliktelsene i henhold til Gøteborgsprotokollen og det er også av den grunn nødvendig med tiltak for å få ned utslippen. Det forutsettes at tiltaket Miljøvennlig spredning av husdyrgjødsel med bruk av nedlegging eller nedfelling innlemmes i alle de regionale miljøprogrammene».*

### 1.3 Bakgrunnsdokument

- Brev frå Landbruks- og matdepartementet av 20. september 2017, gjeldande revidering av regionale bygdeutviklingsprogram
- Stortingsprop. 94 S (jordbruksoppgjøret 2018 mm)
- Nasjonalt miljøprogram 2019 - 2022, nasjonale miljømål og virkemidler for miljø- og klimaarbeidet i jordbruket, rapport nr 28/2018 av 1. november 2018
- Nasjonal instruks om regionale miljøtilskudd i jordbruket av 1. november 2018
- St. meld. 11 (2016-2017) «Endring og utvikling»

### 1.4 Regionalt miljøprogram og føringer for Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Dei regionale miljøprogramma er fylkesvise og skal bidra til gjennomføring av miljøtiltak i jordbruket som er tilpassa regionale ulikskapar i driftsforhold og miljøutfordringar. Miljøprogramma inneholder tiltak med tilhøyrande årlege tilskot retta mot føretak i jordbruket som oppfyller gitte vilkår. Dei regionale miljøprogramma skal vidare gje ei prioritering av innsatsen mot miljøutfordringane i dei ulike fylka, og programma skal rullerast kvart fjerde år. Miljøprogramma skal også gje føringar for dei kommunale tiltaksstrategiane for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og for klima- og miljømidlane. Klima- og miljømidlane vert omtala i Regionalt næringsprogram.

SMIL-tilskot vert gjeve som eingongstilskot til investeringar og vedlikehald til føretak som oppfyller gitte vilkår jf. *forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Føremålet er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket utover det som er venta gjennom vanleg jordbruksdrift. Kommunane skal fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknadar, noko som oftast er nedfelt i kommunale tiltaksstrategiar for prioritering av midlar til ulike føremål innanfor jordbruk og skogbruk. Desse tiltaksstrategiane fungerer i praksis som overordna retningslinjer i handsaminga av SMIL-saker. Dei kommunale tiltaksstrategiane skal gje ei oversikt over kva som kjenneteiknar natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet, i tillegg til å skissere dei viktigaste utfordringane i den einskilde kommune. Regionalt miljøprogram skal utgjere ei kjelde til kunnskap om slike verdiar og utfordringar.

I kapittel 3 har Fylkesmannen prioritert seks miljøutfordringar knytt til jordbruket sitt kulturlandskap som det skal arbeidast målretta med i denne programperioden. I resten av kapittel 3 vert desse hovudutfordringane belyste gjennom sentrale tema. I kapittel 4 har Fylkesmannen definert hovudmål og delmål for miljøprogrammet med tilhøyrande strategiar som alle svarar til dei prioriterte miljøutfordringane.

***Dei kommunale tiltaksstrategiane for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og klima- og miljømidlane skal ha forankring i hovudmålet, delmåla og strategiane som Fylkesmannen har prioritert i dette miljøprogrammet, jf kap.4.1.***

## 2 Verdiar i kulturlandskapet

I den følgjande teksten nyttar vi desse definisjonane:

Jordbruk: jord- og hagebruk

Kulturlandskap: innmarksareal og utmarksareal som blir og har blitt forma av jordbruksdrift

Kulturlandskapet er skapt av menneska sitt samspel med naturen gjennom generasjonar. Jordbruket har alltid hatt matproduksjon som hovudmål, men jordbruksdrifta skaper langt fleire verdiar i tillegg til dette. Alle element i jordbruket sitt kulturlandskap vil difor ha fleire lag av verdiar:

- **Næringsverdi:**

Kulturlandskapet er produksjonsgrunnlag for jord- og skogbruk og for tilleggsnæring som produksjon og sal av varer og tenester i tilknyting til landbruket. Jordbrukslandskapet er vidare sentral med omsyn til turisme og reiselivsnæring.

- **Biologisk verdi:**

Jordbrukslandskapet er leveområde for planter og dyr, og det er avgjerande for å oppretthalde ulike naturtypar derav fleire er truga. Mange raudlista plante- og dyreartar er avhengige av det opne jordbrukslandskapet for sin eksistens.

- **Landskapsverdi/landskapsbilete:**

Alle enkeltdelane i landskapet utgjer til saman det spesielle landskapet som vi knyter identiteten vår til eller som mykje turisme er bygd opp rundt.

- **Historisk verdi:**

Kulturlandskapet er berar av kulturhistoriske verdiar i form av kulturminne, handbore kunnskap og immateriell kulturarv. Mange av oppgåvene knytt til historiske verdiar i kulturlandskapet ligg til landbruket, som til dømes skjøtsel og ivaretaking av kulturminne og vidareføring av driftsformer og tradisjonar.

- **Verdi for folkehelse:**

Det opne jordbruks-, sti- og beitetlandskapet er viktig for folk si tilgjenge til naturen i utmarka og i fjellet, noko som er viktig både med omsyn til fysisk aktivitet, oppleving, rekreasjon og mental helse.

- **Kulturell og sosial verdi:**

Landskapet femnar både om kultur og natur. Menneska skaper si eiga oppleving av landskapet på grunnlag av bruk, minne, assosiasjonar og kunnskap, og desse personlege erfaringane gjev landskapet kulturelle og sosiale verdiar.

Nokre landskapsområde, grupper av lokalitetar eller einskildlokalitetar er definerte og tildelte nasjonal eller internasjonal status grunna sitt særskilde omfang av ein eller fleire av dei ovafor nemnde verdiane. Dette kan til dømes vere lokalitetar med høgt innhald av truga plante og/eller dyreartar, truga naturtypar, verna areal, nasjonale og internasjonale referanseområde, kulturminne-

og kulturmiljø og verdsarvområde. Vestland er i nasjonal samanheng veldig rik på slike nasjonale og internasjonale definerte område, naturtypar og einskildlokalitetar. Alle desse særskilte verdiane gjev og Vestland eit særskilt forvaltningsansvar med omsyn til kulturlandskapet. Den Europeiske landskapskonvensjonen av 2014 slår derimot fast at ulike typar kulturlandskap skal ivaretakast og skjøttast. Konvensjonen omhandlar både landskap som er definert som verdifulle, samt såkalla ordinære landskap og landskap som treng reperasjon. Landskapet er i stadig endring. Konvensjonen tek ikkje sikte på å hindre endringar i landskapet, men å påverke endringane i ei ønska retning.

### 3 Utfordringar knytt til miljøverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap

Nasjonalt miljøprogram fastset at fylka skal gje ei prioritering av innsatsen mot miljøutfordringane i fylket i miljøprogramma sine. Fylkesmannen i Vestland har med bakgrunn i dette prioritert at det skal arbeidast med følgjande miljøutfordringar i Vestland i denne programperioden:

- 1. Attgroing av kulturlandskapet ved at areal går ut av drift**
- 2. Nedgang i beitebruk i utmark og stølsdrift**
- 3. Tap og foringing av verdiar i kulturlandskapet**
- 4. Utslepp av klimagassar frå jordbruket**
- 5. Endringar i klima som krev klimatilpassingar i landbruket** (vert omtala i Regionalt næringsprogram)
- 6. Avrenning og ureining til vassdrag frå jordbruket**

I resten av kapittel 3 vert utfordringane over belyste gjennom nokre utvalde, sentrale emne. Emna vert omtalt under delkapittel som samsvarar med miljøtema fastsett i Nasjonalt miljøprogram jf oversikten på side 6.

#### 3.1 Miljøtema Kulturlandskap

##### 3.1.1 Endringar i landskapet

Før den industrielle revolusjonen måtte menneska hente det aller meste av det dei trorg frå naturen rundt seg. På 1800-talet var ressursutnyttinga høg. Det gav eit ope landskap med lite tre der det vart hausta av gras, lyng, busker og tre gjennom slått og beiting der dyr og menneske kunne komme til. Etter den industrielle revolusjonen og revolusjonen i landbruket, vert landskapet nytta på ein annan måte enn tidlegare. Maskiner og anna teknisk utstyr, kunstgjødsel og plantevernmiddel, større husdyrrasar og meir høgtytande plantesortar bidreg til at det beste arealet blir drive meir intensivt, og ein ser endring i bruken av arealet. Det beste arealet vert drive vidare, medan kantar og

vanskelege og bratte teigar lettare går ut av drift. Eng blir tatt til beite, mens beiteareal i inn- og utmark gjerne går ut av drift. Særleg gjeld dette i bygder der grovfôrbasert husdyrhald er sterkt redusert.

Klimaet gjev gode veksttilhøve slik at kratt og skog veks raskt når slått og beite blir redusert. Når areal går ut av drift, får det mange uheldige konsekvensar. I tillegg til at vi mistar verdifullt landbruksareal, får dette konsekvensar for dei natur- og kulturhistoriske verdiane i landskapet, det biologiske mangfaldet og for tilgjenge til og opplevelinga i og av landskapet. Produksjonspotensialet i jorda går ned, landskapet gror att, og det vert uframkomeleg for både folk og dyr. Mange plante- og dyreartar som er avhengige av eit ope jordbrukslandskap for å overleve kan forsvinne. Opplevingsverdien av landskapet vert redusert både for fastbuande og tilreisande, noko som igjen får negative konsekvensar for reiselivet. Fjord Noreg vart i 2004 og 2009 kåra til verdas beste reisemål av National Geographic. Dersom Vestlandet også i framtida skal lokka turistar til regionen og inn til landet, kan det vere viktig med ein aktiv og samordna verkemiddelbruk som også i framtida sikrar eit ope og variert kulturlandskap på Vestlandet. Kulturlandskapet er ein av våre viktigaste eksportartiklar, og opne stiar, ope landbruksareal og opne vegstrekningar er ein trivselsfaktor både for fastbuande og reisande.

Omdisponering av areal skjer i stort omfang i enkelte deler av Vestland. Størst press er det på by- og tettstadsnære område. Det er ei utfordring å få til ein heilsakleg arealpolitikk i desse områda. Nedbygging, omdisponering og endringar i driftsmåtar får særlege konsekvensar i form av tap av dyrka og dyrkbar jord, kulturminne og viktige biotopar.

Topografien på Vestlandet set grenser for storlek og utforming av jordbruksarealet. Det er vanskeleg å gjennomføre målet om store driftseiningar i delar av dette landskapet. Mykje nedbør, bratt terren og jord med høgt organisk innhald gir utfordringar med å drive jordbruksarealet. I tillegg er det mange stader lett å få seg anna arbeid med høgare lønn enn det landbruket kan gje.

Kulturlandskapet i fjellet og i låglandet er skapt av landbruk, særleg av hausting av grovfôr gjennom slått og beiting. Når kulturlandskapet gror igjen, vil det få fylgjer både for landbruket, lokal busetnad, tilgjenge i naturen, biologisk mangfald og for reiselivet. Eit aktivt og berekraftig landbruk, særskilt beitebasert husdyrbruk, er den beste måten å ta vare på og oppretthalde kulturlandskapet og dei verdiane som ligg i eller er knytte til dette landskapet.

### 3.1.2 Bratt jordbruksareal

Langs fjordane og i mange dalføre på Vestlandet er det mykje bratt jordbruksareal, men også på kysten er det bratte bakkar i det kuperte jordbruksarealet. Dei brattlente bruka er såleis eit sær preg for landbruket og kulturlandskapet på Vestlandet. På grunn av sitt store omfang har det bratte arealet høg produksjonsverdi i jordbruket på Vestlandet, både innan grovfôrproduksjon og hagebruk.

Det bratte arealet er meir tungdrive og arbeidsintensivt enn anna areal med tilsvarende produksjon, og det er difor dyrare å produsere på bratt areal enn på flatare areal. Med rasjonaliseringa som går føre seg i landbruket er det oftast dei marginale arealet som først går ut av drift. Når meir lettdrive leigejord blir tilgjengeleg, blir konsekvensen ofte at det bratte arealet går ut av drift. Andre vel å la det arbeidskrevjande bratte arealet gå ut av drift, sjølv om dei ikkje får lettare driven leigejord, fordi det er for arbeidsintensivt.

Det bratte jordbruksarealet er ofte godt synleg i landskapet, og det utgjer ein viktig del av det landskapet som nordmenn identifiserer seg med og som reiselivsnæringa ønsker å syne fram. At det bratte arealet vert slått resulterer i eit ope og stelt kulturlandskap med tilhøyrande biologiske verdiar, matproduksjon og levande bygder med også brattlendte gardsbruk og teigar i drift.

I jordbruksoppgjernet 2018 vart partane samde om å prioritere tilskot til areal med driftsvanskar og dei områda av landet der utviklinga i arealbruk er dårligast. Det vart fastsett at fylka skulle bruke minst like mykje midlar til drift av bratt areal gjennom dei regionale miljøprogramma som i 2017. I tillegg vart det sett av øyremerka midlar som etter intensjonen skulle gå til drift av bratt areal.

### 3.1.3 Veglaus dyrka mark

Før vegnettet vart utbygd som det er i dag, var vatn og sjø endå viktigare ferdelsårar enn det er no. Ein gard eller dyrka mark som låg ved sjøen trond ikkje liggje avsides til, sjølv om det ikkje førte veg fram til garden eller teigen. Andre veglause gardar og teigar låg høgt oppe, nær verdifulle jakt- og beiteressursar i fjellet. Det er framleis veglause gardar og teigar i drift på Vestlandet. Det er meir arbeidskrevjande å drive slike gardar og teigar, nettopp fordi det ikkje er mogleg å transportere folk, dyr, produkt, driftsmidlar og varer til og frå gardane og teigane ved bruk av veg eller bilferje. Desse gardane og teigane fortel ofte historiar om tidlegare tiders folk og levesett. I tillegg til å stå for matproduksjon og bevaring av kulturlandskapet med tilhøyrande verdiar, er dei viktige for identiteten vår og for å halde historia levande. Veglause gardar og teigar i drift gjev ekstra opplevingsverdi til landskapet. Dei veglause areala kan òg ha ein spesiell biologisk verdi då jordbruksarealet tilbyr andre leveområde og ressursar til dyr og planter enn naturen rundt.

### 3.1.4 Utmarksbeite

Så lenge det har vore landbruk i Noreg har fjellet og utmarka vore viktig for beite og slått. Etter kvart som innmarka i låglandet har gitt meir fôr, og det er meir tilgjengeleg innmarksareal for dei som driv, har det blitt mindre vanleg med slått i fjellet. Vestland har svært gode og produktive fjellbeite, særleg i indre og høgareliggende strok. Ungt plantemateriale har høgare meltingsgrad og næringsinnhald enn eldre plantemateriale. I høgareliggende beiteområde sikrar snøsmeltinga ungt plantemateriale utover beitesesongen, noko som slik gjev særskilt god beitekvalitet med høgt næringsinnhald og høg meltingsgrad.

Fjellbeita er derfor mindre i bruk i dag enn tidlegare, sjølv om godt fjellbeite gjev god tilvekst og gode levekår for dyra. Det er ulike grunnar til at fjellbeita er i mindre bruk enn før, slik som nedgang i dyretal, manglande gjerdehald, utfordringar kring transport med meir. Fleire vel no å ha dyra på innmarksbeite, men dette utgjer likevel berre ein liten del. Med færre aktive bønder vert det meir krevjande for dei som framleis driv med tanke på tilsyn og sanking. Samarbeid innan Organisert beitebruk spelar såleis ei stadig viktigare rolle.

Det er eigarrar av landbrukseigedom som forvaltar dei store areala i landskapet rundt oss, og beitedyra er dei viktigaste landskapspleiarane våre. Husdyrhaldet gjer at innmarka blir beita og slått og at kulturbeita og utmarka vert beita. Beitedyra held vegetasjonen og stiane i fjellet opne, og beitedyra er såleis òg viktige med tanke på friluftslivsinteresser og vår mogelegheit til å nytte utmarka og fjellet som turterreng. Beiting med husdyr har vore ein naturleg del av økosystemet i

fleire tusen år. Færre dyr på utmarksbeite har difor negative konsekvensar og for det biologiske mangfaldet.

## 3.2 Miljøtema Biologisk mangfald

### 3.2.1 Truga artar og naturtypar

Mange dyre- og planteartar er heilt avhengige av jordbrukslandskapet for å overleve. I følgje Norsk rødliste for arter frå 2015, lever heile 24 % av dei truga artane (565 arter) i kulturmark, landskap som er skapt av dei gamle driftsformene. Nest etter skogen, er det i kulturmarka det lever flest truga artar i Noreg. Dei siste 100 åra har kulturmarkene gått sterkt attende etter kvart som landbruket endrar seg i takt med tida. Dei truga artene i gamal kulturmark dreier seg mest om biller, sopp, sommarfuglar, karplanter og veps. Men òg fuglar, vasslevande dyr og planter er avhengige av det som skjer i jordbruket. Meir gjødsel, tidlegare slått, nye kulturplanter, monokultur, færre beitedyr og mindre areal i drift er døme på faktorar som kan vere negative for dei sårbare artane. I tillegg hausta menneska frå naturen på ein heilt annan måte før. Mest alt dei trøng måtte då produserast gjennom eige jordbruk eller hentast frå naturen rundt dei.

Av alle vurderte naturtypar er 51% vurderte som intakte, medan 30% er vurderte som truga. Dei truga naturtypane er vurderte etter kategoriane *kritisk truga, sterkt truga, sårbart og nær truga* på Norsk rødliste for naturtyper frå 2018.

Naturbeitemark og hagemark er truga naturtypar som er avhengig av landbruk i form av beiting. Desse naturtypane er tradisjonelt drivne beite som er lite eller ikkje gjødslar og utan isådde framande planteartar. Dei kan difor innehalde mange truga planter, sopp og insekt. Hagemarkene er tresette naturbeitemarker der trea gjerne er styva. Naturbeitemark er kartlagt i Naturbase med verdiane A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). I Vestland fordeler registreringane seg slik etter naturtype og verdi:

	Hordaland		Sogn og Fjordane	
	Tal lokalitetar	Tal daa	Tal lokalitetar	Tal daa
Naturbeitemark verdi A	104	4879	108	13293
Naturbeitemark verdi B	165	5401	149	10303
Naturbeitemark verdi C	138	3373	113	6212
Hagemark verdi A	6	166	17	1872
Hagemark verdi B	56	1070	62	3334
Hagemark verdi C	51	966	32	1553

(Kjelde: Naturbase)

Enkelte naturtypar er vedteke som utvalde etter naturmangfaldlova. Dette er truga naturtypar som er viktige for ein eller fleire prioriterte artar. Dei utvalde naturtypane har ein stor del av utbreiinga si i Noreg, og det er knytt internasjonale forpliktingar til dei. Miljødirektoratet gir ut handlingsplanar for utvalde naturtypar. I slike handlingsplanar vert det sett fram planar for tiltak som skal medverke til å ta vare på ein naturtype. Miljødirektoratet har òg etablert ei tilskotsordning til for å ivareta truga og utvalde naturtypar. I Vestland finn vi dei utvalde naturtypane hule eiker, kystlynghei (sterkt truga),

slåttemark (kritisk truga) og slåttemyr (kritisk truga), der dei tre siste nemnde er avhengige av skjøtsel. Slåttemark er nærmere omtala i kapittel 3.2.2 og kystlynghei i kapittel 3.2.3.

### 3.2.2 Slåttemark

Slåttemarker er u gjødslaenger som tradisjonelt har blitt slått til vinterfør. Naturtypen omfattar òg lauveng som er slåttemark med spreidde lauvtre som er styva i samband med försanking. Det lever svært mange arter på slåttemarkene, mange av desse er sjeldne. Slåttemarkene og lauvengene er avhengige av skjøtsel for å bevare sitt sær preg som naturtype. Som følgje av moderniseringa og intensiveringa som har gått føre seg i landbruket etter den andre verdskriga, vert slåttemarkene meir og meir sjeldne. I tillegg til at det er få slåttemarker utgjer slåttemarkene i dag berre restar av det dei utgjorde i areal før moderniseringa. Når talet slåttemarker minkar, og avstanden imellom dei aukar, vert òg livsgrunnlaget for artane som lever i slåttemarka redusert.

I 2009 vart det laga ein eigen handlingsplan for slåttemark for å ta vare på dei biologiske verdiane knytte til naturtypen. Kort oppsummert er slåttemarkene avhengige av tradisjonell slått og av å ikkje bli gjødsla. Skjøtselråd knytt til slåttemarker er nærmere omtala i kapittel 4.4.1.

Slåttemark og lauveng er kartlagt i Naturbase med verdiane A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Talet registrerte lokalitetar i Vestland gir eit bilet av kor sjeldan denne naturtypen er:

	Hordaland		Sogn og Fjordane	
	Tal lokalitetar	Tal daa	Tal lokalitetar	Tal daa
Slåttemark verdi A	17	297*	34	1526
Slåttemark verdi B	55	130*	62	1520
Slåttemark verdi C	25	109*	64	1997
<hr/>				
Lauveng verdi A	1	59	1	27
Lauveng verdi B	2	14	2	6
Lauveng verdi C	1	0	2	116

Kjelde: Naturbase

\*Fleire av Naturbase-lokalitetane i Hordaland er registrert med 0 daa i areal. Dette gjeld berre ein lokalitet i Sogn og Fjordane.

### 3.2.3 Kystlynghei

Kystlynghei er eit skoglaust kulturlandskap der røsslyng utgjer ein vesentleg del av vegetasjonen. Kystlyngheia består av grasbeite mellom knausar med større eller mindre område der lyngen veks. Fjellrunnen er stort sett gneis og granittar som frigjev lite mineral til jorda, og jordsmonnet er tynt. Vegetasjonen er såleis prega av hardføre vekstar som brukar lite næring og som tåler både lange regn- og turkeperiodar. Kystlyngheiene ligg i milde kyststrok, på næringsfattig, grunnlendt mark. Kystlyngheia er menneskeskapt. Fjerning av skog for å skaffe beitemark og dettar brenning, slått og og heilårsbeiting med husdyr er avgjerande for skjøtsel og ivaretaking av kystlyngheia. Moderat beiting, lyngslått og sving har ført til at nokre stadeigne artar, då særleg røsslyng, dominerer areala. Kystlyngheia er ein av dei eldste kulturmarkstypane, og den er heilt avhengig av beiting og brenning for å ikkje gro att.

I Europa går kystlyngheiene langs ei 3 600 kilometer lang brot-strekning frå Portugal i sør til Lofoten i nord. Ein tredjedel av strekninga ligg i Noreg, og Noreg har difor eit ekstra ansvar for å ta vare på denne naturtypen. Tre av dei 23 referanseområda for kystlynghei i Norge ligg i Vestland, og desse referanseområda er lokalisert til Fitjarøyane, Værlandet og Stadtlandet. Vestland vert i «*Kystlyngheiene i Norge – kunnskapsstatus og beskrivelse av 23 referanserområde*» rekna for å vere den delen av landet der tradisjonane knytt til bruk av kystlyngheiene har helde seg best. Vidare står det i skildringa at sjølv om Vestland sin del av kysten er under stort press både grunna utbyggingsinteresser og attgroing, er det ikkje vanskeleg å finne gode lyncheimråde i Vestland.

Når bruken av lyncheimiene går tilbake etablerer busker og tre seg på arealet, og lyngen vert storvaksen og grov. Næringsrik nedbør aukar farten på attgroinga. Storvaksen lyng har låg beiteverdi, og lyncheier må sviast med jamne mellomrom for at dei skal ha beitekvalitet. Etter svining får lyngen raskt god kvalitet. For at svininga skal bli gjort på ein trygg måte trengs det nok mannskap og god planlegging, og det er viktig å samarbeide med lokalt brannvesen. Det er vanskelegare å ha kontroll på elden der lyngen er storvaksen og har innslag av busker og tre enn i reine lyngparti. Ein del grunneigarar har ikkje lenger tilknyting til landbruket, og dei har ofte difor mindre forståing for drifta og at det er nødvendig å svi lyngen.

Beitande dyr er viktige for å ta vare på lyncheimiene, men husdyrhald på kystlynghei kan vere krevjande. Det har dei seinare åra blitt meir ørn langs kysten, noko som kan føre til auka tap av dyr. Det er som for anna husdyrhald viktig og naudsynt å ha regelmessig tilsyn av buskapen. Ein må sikre at dyra har nok mat og vatn, og at dyra er tamme nok til at ein kan handtere dei. Kallenamnet «villsau» gjer at enkelte husdyreigarar trur at dyra klarar seg sjølv i større grad enn dei gjer. Det er viktig med godt samarbeid med Mattilsynet for å sikre god dyrevelferd.

### 3.2.4 Styvingstre

Haustingsforma styving stammar frå småbruk der vinterføret til sau og geit blei supplert med greiner frå lauvtre. Dei vanlegaste tresortane som blei styva var ask, lind, alm og bjørk, alt etter kva som vaks på garden. Trea blei oftast kutta ned til høveleg arbeidshøgde, men likevel var styvingstrea kutta så høgt at dyra ikkje kunne beite dei nye skota. Ein hausta såleis før i to høgder; beiting og slått på bakken, og haustring av lauvkjerr gjennom styving over beitehøgde. I tillegg til at lauvet og borken vart nytta som dyrefør gav styvinga vedemne. Avkorting av tjukke greiner høyrde med til styvinga. Istadanfor å gro ein høg, brei stamme og tjukke greiner, vaks det ut mange smågreiner, og botnstammen blei endå tjukkare. Greinene frå dei nye skota blei tunne og dekka av lauv og var godt eigna for haustring, vanlegvis etter fem til seks år. Styvingstrea vert i dag sjeldan hausta for føret si skuld, men oftare for å ta vare på styvingstrea som ein del av landskapet, som ein kultur- og tradisjonsformidlar og for å ivareta det biologiske mangfaldet.

Styvingstre kan stå enkeltvis, i små grupper eller som felt, og dei kan vere ein del av kulturmarkstypane hagemark, lauveng og haustringsskog. Hagemark er tresett naturbeitemark, og lauveng er lysopen, tresett slåttemark. Haustringsskog ligg ofte på bratt, grovsteina mark og i ur der det er lite produksjon på bakkenivå. Gamle styvingstre som ikkje blir stelte utviklar store og tunge kroner, og røtene til styvingstre er mindre og har svekka veksttilhøve samanlikna med andre tre som ikkje er styva. Dette gjer styvingstrea ekstra utsatte for greinskade og rotvelt.

Styvingstre kan vere flotte visuelle element i kulturlandskapet, dei kan gje dyrefôr, og dei kan huse mange artar og såleis vere viktige for det biologiske mangfaldet. Då styving som haustingsmetode er ei eldre driftsform og ei del av vår kulturhistorie, er styving såleis i tillegg til skjøtselsarbeid ei viktig kulturformidling.

### 3.2.5 Truga fugleartar knytt til jordbrukslandskapet

Jordbrukslandskapet er viktig som leveområde for ca 5 % av dei hekkande fugleartane i Noreg. Dei store endringane i jordbrukslandskapet dei siste 50 åra, med nye driftsmåtar, utbygging og attgroing av meir marginale jordbruksareal, gjer at mange områder egnar seg dårligare som leveområde for fugl enn tidlegare. Nedgangen i hekkande fugl vert særleg knytt til dei store endringane i driftsmåtar, som til dømes metodar for spreiling av husdyrgjødsel, tidlegare slått, siloslått framfor høy og bruk av traktor.

Dei tre fugleartane vipe, storspove og åkerrikse er alle kulturmarksfuglar som har hatt dramatisk nedgang i hekkebestanden dei siste åra. Vipe er rekna som sterkt truga, storspove som sårbar og åkerrikse som kritisk truga. Hekkebestanden av vipe er truleg redusert med 80 % etter tusenårsskiftet, for storspove er det ein nedgang med 40-50 % etter tusenårsskiftet. Storspove var ein svært vanleg fugl i kulturlandskapet fram til rundt 1900, men no er det kanskje berre 20-40 hekkande par att i heile landet. Ved å tilpasse jordbruksdrifta på det nærmaste arealet medan desse fuglane hekkar, kan jordbruksmedverke til at fugleungane lever opp og dermed vere med på å redusere nedgangen av desse artane lokalt.

### 3.2.6 Framande artar

Framande, skadelege artar er eit stort trugsmål for det biologiske mangfaldet. Framande artar er artar som ved bevisst eller ubevisst menneskeleg hjelp har spreidd seg til område der dei kan overleve og formeire seg, men som ligg utanfor dei områda der dei naturleg hører heime eller kan spreie seg til ved eigen hjelp. Arten blir først rekna som skadeleg når den spreier seg i naturen i eit slikt omfang at den kan konkurrere ut eller skade heimehøyrande artar.

Anleggs- og byggeverksemnd innan landbruksdrift førar til omfattande flytting av jord, stein, grus og sand. Dette er ei viktig spreingskjelde for framande artar. Artane kan få stor utbreiing lokalt i kantar av jordbruksareal, på brakklagt mark, langs driftsvegar med meir. Slike areal kan bidra som springbrett for vidare spreiling av artane til både naturområde og hagar. Dei overlever derimot i liten grad inne på jordbruksareal i aktiv drift.

Aktuelle framande artar knytt til landbruksdrift er parkslirekne, kjempespringfrø/mongolspringfrø og tromsøpalme/kjempebjørnkjeks og brunskogsnigel. På kysten er sitkagrana ein trugsel mot kystlyngheia, kystlandskapet generelt og det biologiske mangfaldet langs kysten. I tillegg til artar som blir prioritert tiltak mot grunna trugselen mot det biologiske mangfaldet, har Mattilsynet fokus på bulkemispel og pilemispel grunna fare for spreiling av pærebrann som utgjer stor risiko for fruktnæringa.

### 3.2.7 Pollinerande insekt

Dei siste åra har det blitt meir merksemd på dei pollinerande insekta. Det er skjerpa fokus på kva rolle dei speler i naturen generelt, for plante- og matproduksjon spesielt, og på korleis samfunnsendringane påverkar levevilkåra deira. Om lag ein fjerdedel av dei pollinerande insekta er ført opp på den norske raudlista.

I 2018 kom Nasjonal pollinatorstrategi. Strategien har som hovudmål å sikre levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt for å oppretthalde pollinering i matproduksjon og naturlege økosystem. Strategien peikar ut tre satsingsområde:

- Auka kunnskap: Auke kunnskapen om utviklinga innan pollinerande artar og leveområde over tid, kva som kjenneteiknar gode leveområde, og om trugsmål og effektive tiltak
- Gode leveområde: Unngå tap og auke omfanget av samanhengande, gode leveområde for pollinatorar gjennom heile livssyklusen
- Formidling: Gjere oppdatert kunnskap om pollinatorar og pollinatorvenlege tiltak tilgjengeleg for alle målgrupper

Landbrukssektoren skal stimulere til pollinatorvenlege driftsformer og legge til rette for ivaretaking og rett skjøtsel av gode leveområde for pollinatorar. Driftsmåtar som bruk av utmarksbeite, økologisk landbruk, og produksjon av frukt og bær kan vere positive for pollinatorar. Ein bør vidare unngå at det blir nedgang i areal av verdifull kulturmark og bidra til tradisjonell skjøtsel av gamle slåtteenger, kystlynghei og annan gammal kulturmark. Beitebruk på ugjødsla areal gir eit variert, ope og blomerikt landskap som er verdifullt for pollinatorane. Kommunane bør ta omsyn til pollinatorvenleg areal i den kommunale arealplanlegginga, til dømes gjennom tematisk kommunedelplan om naturmangfald.

## 3.3 Miljøtema Kulturminne og kulturmiljø

### 3.3.1 Kulturminne

Kulturminne er fysiske spor etter menneska som levde før oss og deira liv og virke. Ofte kan dei vere den einaste kjelda vi har for å tilegne oss kunnskap om tidlegare tider. Eit kulturmiljø er eit område der fleire kulturminne går inn i ein større samanheng, til dømes eit stølsområde, eller eit gardsmiljø med bygningar, steingardar, bakkemurar og veiter. Naturelement som til dømes styvingstre, kan også vere del av eit kulturmiljø.

Før 1850 var Noreg eit bondesamfunn, og i Vestland er det dokumentert jordbruk om lag 4000 år attende i tid. Kulturlandskapet som utvikla seg som følgje av dette vart eit landbrukslandskap, og følgjeleg er mange av kulturminna i Noreg knytte til landbruket. Spora etter bondesamfunnet er i dag bevart i jordbrukslandskapet som kulturminne og kulturmiljø i form av tun, heile gardar og arkeologiske spor etter slike, gravminne, steingardar, rydningsrøyser, vegar, utløper, andre typar uthus, veiter og veitesystem. Vidare står nær halvparten av dei frede bygningane i landet på landbrukseigedomar, og så mykje som kvart fjerde til femte hus på gardane er meir enn 100 år gamalt.

Alle kulturminne som er eldre enn 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova. Rundt dei automatisk freda kulturminna er det ei fem meter brei sikringssone. Mange av desse kulturminna er verken synlege over bakken eller kjende. Fredinga gjeld likevel både kjende og ikkje-kjende

kulturminne. Eit kulturminne kan òg vere freda sjølv om det er yngre enn 1537. Det er då freda gjennom enkeltvedtak etter kulturminnelova, og dette blir brukt for å sikre kulturminne av vesentleg nasjonal verdi. Både automatisk freda kulturminne eller kulturminne som er vedtaksfreda er verna gjennom kulturminnelova. Lova har som føremål at kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast, både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.

Alle inngrep i kulturminne eller kulturmiljø krev dispensasjon frå fylkeskommunen. Objekt og område av lokal og regional kulturminneverdi kan bli verna gjennom *omsynssone bevaring* i plan og bygningslova. Vern av kulturminne ligg òg i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket ved at det ikkje kan løvvast areal- og kulturlandskapstilskot til areal der det er gjort inngrep som forringar kulturlandskapet. Kommunen kan på førehand godkjenne slike inngrep dersom det ikkje er regulert av anna regelverk og dersom kulturlandskapselementet gjev driftsmessige ulemper.

Kulturminne og kulturmiljø blir registrerte i den nasjonale kulturminnedatabasen for offentleg forvaltning Askeladden (krev pålogging). Informasjon om kulturminne og kulturmiljø som er registrerte i Askeladden er tilgjengelege for ålmenta gjennom nettstaden kulturminnesok.no (krev ikkje pålogging). Eldre bygningar og andre kulturminne blir registrerte i SEFRAK-registeret (SEkretariatet For Registrering Av Faste Kulturminner). Alle bygningar eldre enn 1900 er registrerte i SEFRAK, men ikkje alle har vernestatus.

Norsk Institutt for kulturminneforskning (NIKU) undersøker årleg tilstanden til kulturminne i ti kommunar. Erfaringa viser at kulturminne går tapt kvart år. Sidan lanseringa av *Stortingsmelding nr. 35-12/13- Framtid med fotfeste*, har det vore eit nasjonalt mål å minimere det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø i form av fjerning, øydelegging eller forfall. Innan 2020 skal tapet ikkje overstige 0,5 prosent årleg. Det har vore ein nedgang i perioden 2000- 2014, men tala viser at 0,5 prosentmålet ikkje blir nådd innan 2020.

Den generelle utfordringa i landbruket som gjeld forfall, attgroing på nedlagte bruk og at marginale areal går ut av drift, er blant dei fremste trugsmåla for kulturminne og kulturmiljø. Hus står til forfall, og steingardar, gravminne, vegar og liknande vert overgrodde. Trerøter kan sprengje strukturane. Tyngre maskiner gjev auka trykk på vegar, bakkemurer, veiter og liknande. Omdisponering av jordbruksareal fører òg til at kulturminna kjem inn i ein annan samanheng eller forsvinn.

### 3.3.2 Stølsdrift

Stølsdrift for å utnytte utmarks- og fjellbeite er truleg ein like gammal driftsmåte som gardsdrifta i same område. For å utnytte beitesesongen best mogleg hadde garden gjerne fleire stølar. Vår- og hauststølen låg så nære garden at mjølka kunne berast heim morgon og kveld. Sommerstølen låg ofte lenger inne i fjellet, og ferdige produkt måtte takast ut med kløv. Stølsdrifta trond mykje brensel, mellom anna til ysting, og dette var med på å senke skoggrensa.

Det er fleire grunnar til at det no er lite stølsdrift att. Mange stølar manglar vegtilkomst og er såleis lite aktuelle for drift. Mange bønder har arbeid utanfor garden, og arbeidspress, økonomi, kravet til to driftsapparat med tilhøyrande ekstrakostnader ved stølsdrift, familietilhøve og ønskje om fritid er viktige faktorar for om ein vel å ha produksjon på stølen. Det er dyrt å leige inn arbeidskraft, og

dagleg pendling til stølen er kostbart grunna slitasje på køyretøy og vedlikehald av vegr. Vidare kan transport av mjølk og dyr vere krevjande. Dei fleste stølslaga er nedlagde, og det er dårlig mobildekning på mange stølar.

Mange som driv mjølkeproduksjon på storfe har kalvinga konsentrert om hausten og produserer ikkje sommarmjølk. Sommarmjølka er ikkje godt nok betalt til å unngå at mange vel mjølcefri om sommaren. Store buskapar og bruk av mjølkerobot gjer det og vanskeleg å flytte produksjonen til støls. Kyrene går då gjerne i staden ute på mindre areal nær driftsbygningen heime på garden.

Ved mjølkeproduksjon på geit er det derimot vanleg med kjeing i februar med mjølking ut over hausten. Stølsdrift kan difor vere nødvendig for å få nok beite og hindre smittespreiing via innmarka heime, og fjellbeita er såleis gode og nødvendige ressursar. Om lag 1/3 av fôrtrongen eller 0,8 fe per dag for geit vert dekka av beiting i utmark. Fjellbeita kan gjev betre smak på mjølka. Samstundes er faren for høgt celletal og slik tapte inntekter høgare ved beiting i ulendt terrenn enn i finare lende, og ein del bønder ser såleis på stølsdrift basert på utmarksbeite som ein risiko med omsyn til eiga inntening.

Beitedyr er viktige for å ta vare på det opne landskapet, kulturmiljøet og det spesielle artsmangfaldet ikkje minst på og rundt stølen. Beiting motverkar attgroing og held stiane og landskapet ope. Kulturminna knytt til bruk av fjellet, som gamle ferdelsvegar og stølsbygningar, blir best tatt vare på om det er drift i fjellet. Det same gjeld kunnskapen og historia om stølsdrift. Beitedyr og stølsdrift gjev ein ekstra dimensjon til opplevelingane i naturen og på fjellet, stølsdrift er ein viktig kulturformidlar og ein del av vår kulturhistoriske arv.

Noreg har eit internasjonalt ansvar for å forvalte utmarksområde som stølslandskap. For å styrke stølsdrifta og førebygge vidare nedlegging, vart partane i jordbruksoppgrjøret 2018 einige om å styrke satsinga på stølsdrift over dei regionale miljøprogramma. Det vart fastsett at alle fylke skal ha tilskot på minst kr 50 000 til støling i minst seks veker pr sesong knytt til eit historisk eller veletablert stølsanlegg.

### 3.4 Miljøtema Tilgjenge og friluftslivverdiar

Friluftsliv er eit viktig tema i regjeringa sitt folkehelsearbeid. Kun ein av fem vaksne i Noreg i dag har eit aktivitetsnivå i tråd med faglege anbefalingar. Både nærnaturen og fjella er viktige for friluftsliv, og svært mange nordmenn er aktive gjennom turar i skog, mark og fjell. Allemandsretten sikrar at alle kan ferdast fritt til fots i utmark heile året. På innmark kan folk ferdast fritt til fots på snø og isdekt mark, men på barmark er det krav om løyve frå grunneigar.

Gjennom friluftsliv kan ålmenta mellom anna få eit møte med matproduksjon. Dyr på beite, slått av eng, frodige frukthagar, stølar i drift og ikkje minst opne stiar i fjellet er alle element som gjev ekstra opplevelingar og/eller tilgjenge til naturen for dei som ferdast i natur-, fjell-, og kulturlandskap. Desse elementa og bevisstgjeringa av at beitedyr held stiane i fjellet opne og hindrar attgroing, kan medverke til å auke godviljen for landbruket hjå ålmenta.

Etter kvart som folk flest har fått større avstand til landbruket, er det mange som har lite eller dårlig kunnskap om korleis dei skal ta omsyn til husdyr på beite, dyrka mark i vekstsesongen og vanlege arbeidsoperasjonar i landbruket. Dette kan føre til konfliktar mellom friluftslivsinteressene og

landbruksinteressene. Ofte kan den lettaste tilkomsten til utmark og strandlinje krysse innmark, noko som kan skape utfordringar både for landbruksnæringa og friluftslivet. Dette til dels grunna både manglande kunnskap om lovverk, for dåleg kommunikasjon og informasjon, samt mangel på tilretteleggjande tiltak for begge partar. Nokre stader kan det etter løyve og avtale med grunneigar til dømes vere aktuelt å setje opp informasjonsskilt, gjerdeklyver, sjølvlukkande portar eller andre tiltak som medverkar til å redusere konfliktar mellom turgår og landbruk. Slike tiltak kan få finansiering gjennom SMIL.

### 3.5 Miljøtema Avrenning til vatn

Ureining frå landbruket er ressursar på feil stad, og landbruksdrift kan føre til forureining av jord, vatn og luft. Vi kan dele slik forureining inn i tre hovudgrupper; punktutslepp, arealavrenning, og avdrift og fordamping. Avdrift og fordamping fører til forureining av luft, og det blir såleis omtala i kapitel 3.6.

#### 3.5.1 Punktutslepp

Punktutslepp i jordbruket kan vere frå siloanlegg, gjødsellager, mjølkerom, drivstofflager, veksthus, hushaldningskloakk, blande-/vaskeplass for plantevernmiddel og frå spreieutstyr. Dette har vore mykje fokus på, og landbruket har i stor grad kontroll over punktutsleppa. Punktutslepp er i dag særleg grad knytte til uhell, dårlige arbeidsrutinar og i nokre tilfelle eldre, dårlige tekniske anlegg. Næring på avvegar i vatn vert nytta av sopp og bakteriar, og er lett synleg i vatn som algevekst. Det er særleg fosfor og nitrogen, saman med organisk stoff, som fører til uønskt algevekst og dermed dårligare vasskvalitet og vassmiljø. Alger hindrar lys i å nå ned i vatnet. Oksygenmangel fører til fiskedød og utarming av botndyra. Vatnet får farge, vond lukt og smak.

Av punktutslepp er det utslepp frå gjødsellager og siloanlegg/rundballelager som betyr mest. Både husdyrgjødsel og press-saft innehold mykje næringsstoff. Manglande inspeksjonskum på drensrør rundt gjødsellager og silopress-saftanlegg kan gjere det vanskeleg med kontroll av eventuell lekkasje og å lokalisere lekkasjar. Mangel på oppsamlingsvoll på utsida av lageret gjer at det er ingen buffer ved utslepp, og risikoen for større utslepp aukar.

I ein periode var det vanleg at avløp frå mjølkerom og vaskevatn frå mjølketank gjekk til infiltrasjonsgrøft i grunnen. Metoden var godkjent og tilrådd på same måte som avløp for hushaldningar. Utan vedlikehald og tilsyn kan slike anlegg etter kvart bli ein betydeleg risiko for utslepp. Avrenning frå vaskemaskiner, oljetank med meir kan føre til forureining av vassdrag. Oppsamling av vaskevatn og inspeksjonskum på drenssystem rundt slike anlegg er nødvendig for å registrere eventuell lekkasje.

Ensiling av grovfôr som rundball har vorte meir og meir vanleg på Vestlandet. Frå rundballar som er pakka med strekkfolie vil press-saft sive ut gjennom folien. Til våtare graset er, di meir avrenning. I tabellar for press-saftmengder er det rekna med opp til 200 kg press-saft i ein rundballe med mellom 14-30 prosent tørrstoffinhald. Praksis har vore at rundballar er plasserte i grenser, ofte inntil opne kanalar og langs elvar og bekkar. Dei siste åra har mange lagra rundballar på eit meir avgrensa område, ofte med gjerde om kring. Nasjonalt regelverk for lagring av rundballar er kort formulert; silopress-safta skal samlast opp og lagrast slik at den ikkje fører til forureining eller fare for forureining. Kommunen har ansvaret for å godkjenne lagerplassen og må vurdere faren for

forureining. Det har lenge vore etterlyst detaljerte retningslinjer for lagring av rundballar både frå næringa og forvaltninga.

Hestegjødsel med blanda strø (meir enn 25 % tørrstoff) kan etter nasjonalt regelverk lagrast direkte på bakken dersom deponiet er skjerma mot overflatevatn. På Vestlandet, med mykje bratt areal og store nedbørsmengder, vert det stor fare for avrenning frå slike lager. Det betyr større krav til tette konstruksjonar. Det er òg ei utfordring at lagringa kan bli meir langvarig enn regelverket tillet.

Luftegard for storfe i mjølkeproduksjon, fôringsplass, utedrift med kjøtfe og sau, ridebane med meir betyr mykje dyr på eit avgrensa areal. Opptrakking av areal og auka fare for erosjon og avrenning er ofte resultatet. I tillegg går det ut over dyrevelferda på grunn av skitne dyr. Store nedbørsmengder og lite fastmark gjer at det er vanskeleg å finne eigna areal. Gode løysingar med dyretrafikk, rullering av fôringsplassar og rutinar for reingjering av arealet er utfordrande på Vestlandet.

### 3.5.2 Arealavrenning

Topografien og klimaet på Vestlandet gjer at mykje av haustearealet for grovfôr grensar til vatn. Små og store bekkar, kanalar og elver går langs eller gjennom jordbruksareal. Ved arealavrenning føregår tap av jord og næringsstoff via overflatevatn, grøfter og sigevatn. Vassmetta jord kan føre til betydeleg avrenning av næringsstoff og plantevernmiddel til vatn. I følgje NIBIO-rapport nr 94-*Tilpassing til eit endra klima*, er det eit potensial for å redusere avrenning på overflata og i grøfter.

Husdyrgjødsla utgjer om lag 25 % av alt nitrogen som blir brukt i jordbruket. God utnytting av husdyrgjødsla vil redusere behovet for kunstgjødsel. På Vestlandet er det store fosforreservar i jorda etter lang tids bruk av husdyrgjødsel. Tilført fosfor som ikkje vert teke opp i plantene, står i fare for å bli vaska vekk. For å hindre tap av næringsstoff, bør gjødsla spreiaast tidleg i vekstsesongen og etter førsteslåtten, og i slike mengder at plantene kan ta opp mest mogleg av næringsstoffa. Ut i frå omsyn til nedbørsmengde og jordfukt på Vestlandet, bør siste grasavl vere hausta tidleg i september. I dei mest nedbørssrike områda, og på jord som tørkar seint opp og er vassmetta på seinsommaren, bør det ikkje planleggast slått seinare enn i august.

Strukturendringa i jordbruket har ført til at mykje av grovfôrarealet ligg langt frå driftssenteret. Det har ført til meir transport, og dette gjeld særleg innan mjølkeproduksjonen. Dei seinare åra har det òg blitt kortare periodar med lagleg vær for ulikt arbeid i jordbruket. Resultatet er at det vert utfordrande å rekke over alt arbeidet, mellom anna å få til effektiv transport av husdyrgjødsel på planlagt areal, til rett tid. Vanskelegare driftsforhold gjer at det ikkje er like lett å få tømt gjødsellageret for vinteren. Dei siste åra har vi sett ein trend med at større del av husdyrgjødsla vert nytta på arealet som ligg nærmast driftssenteret. Dette kan gje overgjødsling med fosfor og auka fare for avrenning og forureining. Mange har utvida husdyrproduksjonen utan å auke tilsvarande lagerkapasiteten for husdyrgjødsel. I tillegg har dimensjonerande gjødselmengde frå husdyr vorte auka i høve til tidlegare verdiar, særleg på mjøkekryr. I mjølkeproduksjonen er det bygd mange store gjødsellager utan tak. Denne type lager er maksimum 3-4 meter høge, og med ei årsnedbør på 2-3 meter fleire stader kan det bety ei effektiv lagringshøgd for gjødsel på ned til ein meter. Kommunane kan frå 2019 bruke SMIL-midlar til etablering av dekke over eksisterande gjødsellager. Nye lager for å auke lagerkapasiteten kan ha moglegheit til å utløyse tilskot frå Innovasjon Norge.

Alle føretak som søker om produksjonstilskot skal ha gjødslingsplan for å få fullt tilskot.

Gjødslingsplanen gjer greie for gjødselmengde og gjødseltype, tidspunkt og areal, men den er eit kompromiss mellom det optimale og det praktiske. Gjødslingsplanen legg ofte opp til overgjødsling med fosfor. Gjødsla vert i hovudsak fordelt på to-tre gjødslingar. All gjødsla i føretaket er planlagt nytt til andre eller tredje slåtten. Det er ingen krav om å følgje gjødslingsplanen, og det er ei utfordring å finne måtar å dokumentere korleis det faktisk vert gjødsla og registrere avvik frå gjødslingsplanen.

Spreietidspunkt og værforhold er faktorar som påverkar tilføring av næringsstoff til vassdrag. Dei siste åra har mykje nedbør og vassmetta jord ført til dårlige forhold for opptak av næringsstoff i planteveksten og truleg til auka avrenning til vassdrag. Den nasjonale spreiefristen for husdyrgjødsel på eng er 1. september med høve for kommunane å utvide fram til 1. oktober gjennom lokale forskrifter. I Vestland har mange kommunar utvida spreieingstidspunkt fram til mellom 15. september og 1. oktober. Spreiing av husdyrgjødsel på eng så seint er ikkje i tråd med god agronomi, og det gjev dårligare utnytting av næringsstoffa og meir tap til vatn og luft.

Spreiing av gjødsel mot vassdrag kan lett føre til avrenning av næringsstoff. Utfordringa er at større soner utan gjødsling langs vassdrag vil føre til store driftsulemper og tap av fôr. Vegetasjonssoner mellom jordbruksareal og vassdrag er gunstig, men det tek av jordbruksarealet på allereie små teigar, og det kan gje utfordringar med skugge og drenering. Fangdammar reduserer tilførselen av partiklar og partikelbunden fosfor til elvar og innsjøar. For at fangdammane skal fungere godt, er det naudsynt med jamleg reinsking og vedlikehald. Kommunane kan bruke SMIL- midlar til etablering og vedlikehald av fangdammar.

### 3.5.3 Erosjon

Periodar med mykje og intens nedbør gir stor fare for flaumskadar på elvekantar og kanalkantar med påfølgjande risiko for erosjonsskade på jordbruksareal. Det har blitt våtare på Vestlandet dei siste tiåra, og klimaprognosar for dei kommande tiåra varslar særstak stor auke i tal dagar med mykje nedbør, særleg om hausten. Mange hydrotekniske anlegg er underdimensjonerte og kan ha for dårlig utforming til å ta unna store vassmengder. Det er behov for oppgradering av stikkrenner/kulvertar og kulvertutløp, samt sikring av elve- og bekkesider. På strekningar som har blitt kanaliserte/forbygde tidlegare, kan ein auke kapasiteten med «energid reparar» (tersklar eller større steinar i elveløpet), eller ved å utvide elveløpet. Kommunane kan bruke SMIL-midlar til utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg. Nye tiltak for utbetring av jordbruksareal og hydroteknikk bør bli utforma på ein god måte for å gje ei god fysisk utforming av elveløp og kantar og lite avrenning til vassdrag i anleggsperioden. Ved tiltak i vassløp må ein hente inn naudsynte løyve frå Fylkesmannen, Fylkeskommunen eller NVE.

Erosjonssikring av elvar for å hindre skade på dyrka mark, og kanalisering for å dyrke nytt areal, har ofte redusert livsgrunnlaget for fisk og andre vasstilknytta artar i Vestland. Utfordringar for vassmiljøet er knytt til mangel på skjul, gytegrus og kantvegetasjon, samt ugunstige straumtilhøve. Dette gjeld dei store elvane i dalbotnane, men også dei små bekkanane nedom fjøset. Det er ikkje uvanleg at bekkar som er lagt i røyr blir vandringshinder for fisken grunna feil utforming av røyr/kulvert. I nokre prioriterte område kan det vere aktuelt å tilbakeføre tidlegare kanalisering og erosjonssikring til meir naturlege tilhøve. Fjøs og jordbruks- og skogsveg som blir bygd nær vassdrag fører til risiko for avrenning av næringsstoff og partiklar. I anleggsperioden er risikoen for avrenning

ekstra stor og det må takast omsyn til dette i planlegging og i utføring av arbeidet. Bruken av slike anlegg vil også utgjere ein konstant risiko for avrenning både av næringsstoff og partiklar.

Erosjon frå sjølve jordbruksareala er generelt sett eit lite problem i Vestland då her er lite åkerbruk og relativt lite jordarbeiding. Lokalt kan likevel haustrøping og pløying for nær vassdrag og på flaumutsett areal gi fare for at jord og næring skal gå tapt til vassdrag. Kantsoner utan jordarbeiding er naudsynt nær vassdrag. I regelverket for produksjonstilskot er det krav om minst to meter sone utan jordarbeiding. Det er naudsynt med bevisstgjering av bruken og storleiken av denne sona og eventuell sone med naturleg vegetasjon langs vassdrag.

### 3.5.4 Jordmassar

I nokre deler av Vestland, særleg langs kysten av Hordaland og rundt Bergen, er det god tilgang på jordmassar frå utbyggingsprosjekt. Massane blir i aukande grad brukte for å forbetre arronderinga på jordbruksareal. Prosjekta kan innebere langvarig graving og massehandtering, gjerne i fleire år. Der ein ikkje har god nok kontroll på gjennomføringa, ser ein at både jordpartiklar og miljøgifter hamnar i vassdrag og gjer skade. Nedslamming av elvebotnen hindrar øksygentilgang og kan ta livet av all fiskerogn, yngel og elvemusling som ligg i elvegrusen. Tilførsle av sediment over tid, utan flaum som spyler reint, kan slik gje varig tap av leveområde for fisk og musling som treng rein grus. Partiklar av sprengstein inneheld dessutan nitrogen og kan gi næringstilførsle, samt at dei skarpe kantane kan skade gjellene på fisk. Riktig bruk av massar, fangdammar som fangar opp finpartiklar og kantsoner mot bekkar og elvar er såleis viktig for å unngå skadar i vassdrag.

### 3.5.5 Drenering

Dårleg drenering og flaum på areal kan gje avrenning av næringsstoff og jordpartiklar. På mykje av jordbruksarealet på Vestlandet er tilstanden på dreneringssystema därlege eller i ferd med å bli därlege. Lite vedlikehald, auka nedbør og bruk av tyngre reiskap har ført til auka belastning på dreneringssystema og jordstrukturen. Auka nedbør har også ført til oftare flaum på utsette areal. Avskjeringsgrøfter/kantgrøfter kan vere manglande eller for därlege til å hindre at overflatevatn kjem inn på jordbruksareal. Overflateforming av arealet kan i tillegg til god drenering vere viktig tiltak for å sikre at overflatevatn renn av.

### 3.5.6 Avfall

Landbruket i Vestland produserer mykje avfall som må bli handtert på rett måte for ikkje å føre til forsøpling og forureining. Avfall frå landbruket hamner tidvis på avvege, til dømes rundballeplast. Det er behov for gode rutinar hos gardbrukaren og praktisk returordning for landbruksplast. Vidare kan det hende at kasserte rundballar og anna organisk avfall blir dumpa i eit søkk der det gjerne renn ein bek. Dette kan gi næringsavrenning og vere til skade for fisk og andre levande organismar i bekken. I nokre tilfelle kan emballasje, gamal reiskap, gamle køyretøy og anna bli lagra på garden på ein slik måte at det er forsøplande.

### 3.6 Miljøtema Utslepp til luft

Avdrift og fordamping i jordbrukslandet finn særleg stad ved spreieing av husdyrgjødsel og plantevernmiddel. Spreieing av husdyrgjødsel med spreieutstyr som kastar gjødsla opp i lufta, fører til ekstra stort ammoniakktap og partikkelspreieing. Betre lagring og handtering av husdyrgjødsel, slik at mest mogleg av næringsstoffa i gjødsla i størst mogleg grad kjem til nytte for plantevekst, er eit viktig tiltak for å redusere utsleppa til luft.

Klimagassutsleppet frå landbrukslandet i Noreg utgjer 8 % av totalutsleppet i landet. Omlang alt det registrerte utsleppet kjem frå metan ( $\text{CH}_4$ ) og lystgass ( $\text{N}_2\text{O}$ ). Utslepp av  $\text{CO}_2$  frå ulike kjelder som transport, bygg og areal kjem ikkje under statistikken for landbrukslandet, sjølv om aktivitet har vore generert av landbrukslandet. Dei ulike gassane sin drivhuseffekt blir konvertert til  $\text{CO}_2$ -ekvivalentar for å kunne samanlikne effekten av gassane. Metan har ein  $\text{CO}_2$ -ekvivalent på 25 og lystgass på 298, noko som tyder at gassane har 25 og 298 gonger meir verknad på drivhuseffekten enn  $\text{CO}_2$ . Utslepp av metan kjem frå drøvtyggjarane sin fordøyning av før (54 % av utsleppet frå landbrukslandet), samt frå lagring og bruk av husdyrgjødsel. Utslepp av lystgass kjem frå bruk av husdyr- og mineralgjødsel, avrenning frå jordbruksareal og dyrking av myr.

Ammoniakk er ikkje ein drivhusgass, men den er årsak til overgjødsling i naturen, helsekadelege partiklar og miljøskadeleg forsurting. I den reviderte Gøteborgsprotokollen frå 2012, har Noreg forplikta seg til å reduserer utsleppa av ammoniakk med åtte prosent samanlikna med utsleppa i 2005. Landbrukslandet står for om lag 90 % av dei totale utsleppa av ammoniakk, og her er det eit særskilt potensiale for å redusere ammoniakkrapet ved spreieing av husdyrgjødsel (NIBIO-rapport nr 94-*Tilpassing til eit endra klima*).

Landbrukslandet kan klare å kutte klimagassutsleppa med 20 % innan 2030, då er utslepp som kan bli ført under andre sektorar inkludert (NIBIO-rapport nr 94- *Tilpassing til eit endra klima*). Det er to nasjonale hovudstrategiar for å redusere klimagassutsleppa i norsk landbruk:

- Å endre forbrukaren sitt konsum og samansettning av matforbruket
- Å optimalisere produksjonen så utsleppet per produsert eining blir redusert

Utslepp til luft frå landbrukslandet på Vestlandet kjem i hovudsak frå fire kjelder:

- **Gjødsel:**  
Produksjon og bruk av mineralgjødsel gjev utslepp av lystgass. God utnytting av husdyrgjødsela kan redusere behovet for mineralgjødsel. Husdyrgjødsel vert brote ned under lagring, og det gjev utslepp av metan og lystgass. Utsleppet av metan aukar ved høgt vassinnhald, lite luftgjennomgang og auka temperatur. Opne gjødsellager gjev stort utslepp i høve til lukka lager.
- **Jord:**  
Køyreskadar i jorda og jordpakking gjev auka produksjon av lystgass i jorda, og gjødsling på våt, pakka jord gjev større utslepp av lystgass enn ved betre jordtilhøve. Mange føretak i Vestland har for låg lagerkapasitet til husdyrgjødsela. Dette gjer at dei ikkje har noko slingringsmonn til å la vere å spreie husdyrgjødsel om véret ikkje tillet det. God drenering gjer det mogleg å köyre på jorda i større delar av året, samtidig som utsleppet av lystgass blir redusert. Dreneringstilhøva er ei utfordring mange stader. Det er dyrt å drenere, og leigejord vert gjerne ikkje drenert utan at grunneigar har eigeninteresse i det.

- Fôr:**  
 Nedbryting av fôr i magen til drøvtyggjarar produserer metan. Annan fôrsamansetjing kan redusere metanproduksjonen. Mellom anna tidleg slått gras og kraftfôr med høgare feittinnhald reduserer utsleppa i høve til anna fôr. Kraftfôr som blir produsert i utlandet bidreg ikkje til klimastatistikken for Noreg, men nokre produsentland av kraftfôr brukar areal med høg biologisk verdi til å produsere kraftfôr. Auka bruk av kraftfôr med høgare feittinnhald treng difor ikkje vere ei berekraftig løysing. Større og betre utnytting av beiteressursane kan gje større del ungt plantemateriale i føropptaket. Ungt beitegras reduserer utsleppa, og i tillegg, i kraft av sitt høge næringsinnhald og høge meltingsgrad, kan det redusere behovet for kraftfôr og også slik medverke til reduserte utslepp.
- Maskinparken:**  
 Utslepp frå fossildrivne maskiner i landbruket er ikkje rekna med i klimastatistikken for landbruket, men dei gjev likevel utslepp frå landbruket. Strukturendringane i jordbruksystemet har ført til at mykje grovfôrareal ligg langt frå driftssenteret. Dette kombinert med større krav til effektivitet, gjer at mange vel større utstyr enn før. Auka bruk av traktor gjer at utsleppa aukar. Tyngre utstyr øydelegg jorda med køyrespor, skadar i torva og jordpakking. Auka nedbør i kombinasjon med tungt utstyr gjev auka produksjon av lystgass i jorda.

### 3.7 Miljøtema Plantevernmiddel

For å nytte plantevernmiddel i landbruket er det sett krav om å må ha gyldig autorisasjonsbevis. Det stadfestar at ein har vore igjennom eit teorikurs, har hatt ein praksisdag og har bestått eksamen. Etter 10 år må ta ny eksamen for å fornye autorisasjonsbeviset. Det er no krav om at ein nytta integrert bekjemping i plantevern. Med integrert plantevern prøver ein i størst mogleg grad å unngå problema gjennom god agronomi og førebyggjande tiltak. I nokre kulturar kan det til dømes vere aktuelt å sette ut nyttedyr som et skadegjerarar framfor å sprøyte, eller å dyrke bær i tunellar for å reduserer behovet for soppesprøytingar. Kjemiske plantevernmiddel skal ein først nytte når andre tiltak ikkje strekk til, og då for å hindre økonomisk tap eller skade. Sjølv om det er eit krav om at ein nytta integrert bekjemping, er det naudsynt med meir kunnskap i næringa om dette, rett bruk, lagring og handtering av plantemiddel generelt.

Plantevernmiddel som blir bruk på feil måte gir risiko for ureining og helseskade. Mange dyr, planter og vassdrag kan verte påverka negativt av desse utsleppa, direkte eller indirekte. Avdrift av plantevernmiddel vert ekstra stort ved bruk av utstyr som sprøyter plantevernmiddel ut i små dråpar som ved bruk av tåkesprøyte og åkersprøyte. Avdrifta vert ytterlegare stor dersom det er vind ved sprøytetidspunktet, noko som ein skal unngå. For å redusere ureininga frå tåkesprøyte og åkersprøyte kan ein montere ekstrautstyr som reduserer avdrifta samt legge inn buffersoner mot vassdrag.

Både planter og skadegjerarar kan utvikle motstandskraft eller resistens mot enkelte sprøytemiddel slik at sprøytemidla får redusert verknad eller heilt misser verknaden mot skadegjeraren det vert brukt mot. Rett bruk av plantevernmiddel er også viktig for å ta vare på ville nyttedyr og pollinerande insekt.

Ei viktig kjelde til ureining til vatn er truleg punktutslepp i samband med oppmåling, blanding, påfylling, vasking og handtering av restar av plantevernmiddel. Ut frå at vi i Vestland har mange

elver, bekkar og opne kanalar tett inntil jordbruksjord, er det fare for at plantevernmiddel hamnar i vatn i samband med sjølve sprøytinga, eller at det blir vaska ut i vassdrag etter bruk. Risikoen er gjerne størst ved frukt- og bærdyrking som har større behov for planteverntiltak enn jordbruket elles, og med middel som har større potensiell verknad på vassmiljø. Plantevernmiddel i vassdrag kan også vere ei utfordring i område med intensiv grovfôrproduksjon, sjølv om bruk av plantevernmiddel her har mindre omfang.

I enkelte tilfelle ser ein at plantevernmiddel som ikkje lenger er godkjent likevel blir brukt, og restar at dette blir funne igjen i produkt og miljø. Restar av plantevernmiddel har blitt grave ned i jorda, og plantevernmiddel renn ut i jord og vatn. I Sørfjorden i Ullensvang ser ein framleis avrenning av plantevernmiddelet DDT som var i lovleg bruk i perioden 1950-1970.

### 3.8 Miljøtema Økologisk jordbruk

Økologisk landbruk blir omtala i Regionalt næringsprogram for Vestland.

## 4 Mål, strategiar og tiltak

### 4.1 Mål og strategiar

Med bakgrunn i utfordingane som er omtala i kapittel 3, har Fylkesmannen definert følgjande hovudmål, delmål og strategiar for miljøprogrammet for programperioden 2019-2022:

#### Hovudmål:

*Miljøprogrammet i Vestland skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast,*

*god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast.*

**Delmål:**

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap
2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift
3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir teke vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima (vert omtala i Regionalt næringsprogram for Vestland)
7. Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag

**Strategiar:**

1. Stimulere til eit ope og velstelt kulturlandskap gjennom drift av areala i form av matproduksjon og skjøtselstiltak
2. Styrke aktiv bruk av det bratte jordbruksarealet
3. Styrke aktiv stølsdrift og bruk av beiteressursane
4. Styrke målrettinga av verkemiddel for skjøtsel og ivaretaking av eit utval verdifulle element i kulturlandskapet
5. Oppretthalde og stimulere til næringsutvikling i kulturlandskapet
6. Bidra til eit kulturlandskap som er tilgjengeleg og trygt for både folk og beitedyr
7. Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket
8. Redusere forureining og avrenning frå jordbruket
9. Styrke kunnskap om klimagassutslepp, forureining, agronomi og kulturlandskap i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa i næringa innan desse tema

*Fylkesmannen og kommunane skal med forankring i dei over nemnde strategiane arbeide for å nå delmåla og hovudmålet for miljøprogrammet gjennom si satsing og sitt arbeid innan kulturlandskap, miljø og klima.*

## 4.2 Regionale miljøtilskot – oversikt og samsvar med strategiar

Regionale miljøtilskot i jordbruket er fastsett av Fylkesmannen med utgangspunkt i utfordringane som er opplista i starten av kapittel 3 samt i hovudmålet, delmåla og strategiane som er opplista i kap. 4.1. Dei regionale miljøtilskota er Fylkesmannen si hovudsatsing innan kulturlandskap, miljø og klima for å nå desse delmåla og hovudmålet. Dei ulike miljøtilskota er omtala i kap. 4.3 til 4.6 inndelt under miljøtema definert i Nasjonalt miljøprogram, og miljøtilskota vert omtala som tiltak. Omtalen av kvart tiltak startar med forskriftsteksten for tiltaket som er henta frå *Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland* (høyringsutgåve). Tabellen under viser korleis tiltaka svarar på ein eller fleire av strategiane som er definerte i kap. 4.1:

	Strategi		Tiltak																				
	Drift av bratt areal	Drift av beitelag	Slått av verdifulle jordbrukslandskap	Slått av slåttemark	Beiting av kystlynghei	Brenning av kystlynghei	Skjøtsel av truga naturtypar	Skjøtsel av støvlingstre	Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl	Drift av støl	Skjøtsel av automatisk freda kulturminne	Kantsone i eng	Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen	Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel	Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange	1. Stimulere til eit ope og velstelt kulturlandskap gjennom drift av areala i form av matproduksjon og skjøtselstiltak	2. Styrke aktiv bruk av det bratte jordbruksarealat	3. Styrke aktiv stølsdrift og bruk av beiteressursane	4. Styrke målrettinga av verkemiddel for skjøtsel og ivaretaking av eit utval verdifulle element i kulturlandskapet	5. Oppretthalde og stimulere til næringsutvikling i kulturlandskapet	6. Bidra til eit kulturlandskap som er tilgjengeleg og trygt for både folk og beitedyr	7. Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket	8. Redusere forureining og avrenning frå jordbruket
Drift av bratt areal	X		X													X							
Drift av beitelag	X			X												X							
Slått av verdifulle jordbrukslandskap	X					X										X							
Slått av slåttemark	X					X		X								X							
Beiting av kystlynghei	X				X	X										X							
Brenning av kystlynghei	X				X	X										X							
Skjøtsel av truga naturtypar	X				X	X										X							
Skjøtsel av støvlingstre	X						X																
Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl							X																
Drift av støl	X				X		X	X	X	X													
Skjøtsel av automatisk freda kulturminne	X						X																
Kantsone i eng																X	X						
Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen																X	X						
Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel																X	X						
Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange																X							

## 4.3 Regionale miljøtilskot innan kulturlandskap

### 4.3.1 Tilstok til drift av bratt areal

#### **§ 4 Drift av bratt areal**

*Det kan gjevast tilskot for drift av jordbruksareal med hellingsgrad på 1:5 eller brattare for å ta vare på kulturlandskapet. Tilstoket kan gjevast for fulldyrka og overflatedyrka grasareal i drift, samt for areal med fruktdyrking i drift med næringsføremål. Fulldyrka og overflatedyrka grasareal skal haustast ved slått til dyrefør minst ein gong i vekstsesongen. Areal med fruktdyrking skal vere i aktiv drift med naudsynt skjøtsel av fruktetre, slått av undervegetasjonen minst ein gong i vekstsesongen, hausting og omsetting av frukta. Tilstoket blir fastsett per dekar.*

#### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til drift av bratt areal for å halde areala i hevd og ta vare på eit ope kulturlandskap.

#### **Omtale**

Dei brattlendte brukar og teigane er eit sær preg for jordbruken på Vestlandet. Det bratte arealet er tungdrive og arbeidsintensivt, og det er såleis ekstra utsett for å gå ut av drift. Den bratte innmarka står på hell, og den er såleis svært synleg i landskapsbildet. Ved å stimulere til slått av og fruktdyrking i det bratte arealet oppnår ein både matproduksjon, ope og stelt kulturlandskap med positive ringverknader for det kringliggjande plante- og dyrelivet, og at drift på marginale innmarksområde held fram. Ved tilskot til drift av bratt areal vert det gjeve eitt tilskot for areal med helling mellom 1:5 og 1:3, og eit høgare tilskot for 1:3 eller brattare. Det er ikkje noko øvre avgrensing på utbetaling eller tal dekar per føretak innan tiltaket.

#### **Utmålingseining**

Tilstoket blir utmålt per dekar

#### **Tiltaksklassar:**

- Overflatedyrka og fulldyrka 1:5
- Overflatedyrka og fulldyrka 1:3
- Fruktdyrking 1:5
- Fruktdyrking 1:3

#### 4.3.2 Tilskot til drift av beitelag

##### **§ 5 Drift av beitelag**

*Det kan gjevast tilskot for drift av beitelag som oppfyller vilkåra i § 3b. For at tilskot skal kunne tildelast må beitelaget ha minst 2 medlemmar, dyra må ha vore minst 5 veker på utmarksbeite, beitelaget må ha organisert tilsyn og sinking tilpassa lokale tilhøve, og beitelaget må ha levert inn årsrapport som vedlegg til søknaden. Årsrapporten skal innehalde 1) Dato for årsmøte, 2) Tapstal, 3) Førebels rekneskap og 4) Kort årsmelding som syner aktivitet i beitelaget og målretta bruk av midlar for beitebruken i søknadsåret, samt eventuelle utfordringar for beitelaget og beitebruken. Tilskotet blir fastsett per dyr som er sleppt på utmarksbeite.*

##### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnytting av beiteressursar i utmark og effektivt tilsyn med minst mogleg tap av dyr. Slikt samarbeid kan gjelde tilsyn, sinking og ettersyn og vedlikehald av gjerder og installasjoner.

##### **Omtale**

Vestlandet har svært gode og produktive fjellbeite, særleg i indre og høgareliggende strøk. Med færre aktive bønder vert det meir krevjande for dei som har dyr på utmarksbeite enn før, både med tanke på tilsyn, sinking og manglande gjerdehald mot utmarka. Samarbeid innan Organisert beitebruk er difor truleg endå viktigare no enn før. Gjennom aktive og oppegåande beitelag kan ein forvente lågare tap, meir effektiv og rasjonell tilsyn og sinking, auka kunnskapsformidling til, frå og innad i næringa. Ein kan og forvente fleire beitedyr i utmark, noko som igjen er positivt både med omsyn til kjøtproduksjon, ope landskap, biologisk mangfold, opne stiar, dyrevelferd og dyrehelse.

Tilskot til drift av beitelag er ei driftsstøtte for det meirarbeidet som ligg i organisering av fellestiltak kring beitebruken i utmark. Tilskotet kan elles brukast til investeringar eller tiltak i regi av beitelaget som er positive for beitebruken i utmark. Beitelaga kan velje å organisere seg per kommune slik at også føretak som er åleine i sitt utmarksområde kan vere medlem i eit beitelag. Kravet til organisert tilsyn og sinking kan i slike tilfelle innfriast med felles ettersankedato for beitelaget. Mjølkekyr og mjølkegeit kjem inn under tiltaket dersom dei oppfyller kravet til minst 5 veker beiting i utmark (ikkje inngjerda areal) og føretaket er medlem i beitelag.

Beitelaga har eigen søknadsomgang med søknadsfrist 15.november. Årsrapporten skal leverast i fri-tekstfeltet i elektronisk søknad, og kommunane skal sjå til at rapporteringskrav 1- 4 (sjå forskrifta) er oppfylte for at søknadane skal kunne godkjennast. Målet med strenge krav til rapportering og aktivitet er å sikre aktive beitelag, aktiv beitebruk, og målretta bruk av midlane for beitebruk i utmark. Gjennom god og konkret rapportering får og Fylkesmannen innhenta viktig informasjon om beitebruken i utmark som bakgrunn for sitt tapsførebyggande arbeid.

##### **Utmålingseining**

Tilskotet blir utmålt per dyr som er sleppt på utmarksbeite

##### **Tiltaksklassar:**

- Storfe/hest
- Småfe

#### 4.3.3 Tilskot til slått av verdifulle jordbrukslandskap

##### **§ 6 Slått av verdifulle jordbrukslandskap**

*Det kan gjevast tilskot for slått av fulldyrka og overflatedyrka areal utan vegforbinding eller tilkomst med bilferje for å oppretthalde verdifulle jordbrukslandskap. Arealet skal haustast ved slått til dyrefôr minst ein gong i vekstsesongen. Tilskotet blir fastsett per dekar.*

*Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for minimum 5 dekar og maksimum 30 dekar per føretak.*

##### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til å halde verdifulle jordbruksområde i hevd og hindre attgroing.

##### **Omtale**

Veglause gardar og teigar som er i drift er viktige innslag i kulturlandskapet. Dei kan ofte formidle kunnskap om tidlegare tiders folk og levesett, og dei er såleis berarar av kulturhistorie. Desse jordbruksareaala kan vidare ofte tilby andre leveområde og ressursar til dyr og planter enn naturen rundt, og dei kan såleis ha ei spesiell rolle med tanke på det biologiske mangfaldet. Arealet skal vere i drift og haustast ved slått til dyrefôr for å kunne godkjennast. Det er ikkje tilstrekkeleg å slå arealet med beitepussar eller å slå arealet for så å dumpe graset.

##### **Utmålingseining**

Tilskotet blir utmålt per dekar

#### 4.4 Regionale miljøtilskot innan biologisk mangfald

##### 4.4.1 Tilskot til slått av slåttemark

##### **§ 7 Slått av slåttemark**

*Det kan gjevast tilskot for slått av slåttemark som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbетra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeida eller sprøyta med plantevernmiddel. Arealet skal vere registrerte i miljødatabasen Naturbase som slåttemark og lauveng med verdi A (svært viktig), B (viktig) eller C (lokalt viktig). Tilskotet blir fastsett per dekar. Dersom lokaliteten er mindre enn 1 daa, kan det søkast om 1 daa.*

*Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 40 dekar per føretak.*

##### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til slått av den utvalde naturtypen slåttemark for å ta vare på eller forbetra naturtypen.

##### **Omtale**

Slåttemarker er ugjødsla enger som er leveområde for mange truga planter, sopp og insekt. Dei omfattar òg naturtypen lauveng, som er slåttemark med spreidde lauvtre, der lauvet blir hausta som fôr. Det er særstakt å slåttemarker med slike areal igjen etter moderniseringa i landbruket. Tilskotet gjeld areal som er kartlagde i Naturbase og som er definert som utvalgt naturtype slåttemark, dvs. slåttemarker med

verdi A og B, og lauveng med verdi A, B og C. Tilskotet gjeld øg slåttemark av lokal verdi (lokalt viktig/verdi C). Tiltaksklassane tilsvrar verdsettinga av arealet i Naturbase.

### **Skjøtselsråd**

Fylkesmannen vil utarbeide råd for skjøtsel når det gjeld slåttetid, beiting, fjerning av gras med meir. Slike råd vil vere retningsgivande for kva skjøtsel som trengst for å ta vare på eller forbetre naturtypen, men skjøtselsråda vil ikkje innehalde vilkår utover forskriftsteksten.

*Dersom det finst skjøtselsråd for lokaliteten i Naturbase, bør ein følgje desse.*

Dersom det ikkje finst særskilte skjøtselsråd for lokaliteten, gjeld følgjande generell rettleiing for drifta, jf krav om at slåtten skal bli gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra:

- *Slått bør bli utført med lett, skjerande slåtteutstyr, som ljå, lett slåmaskin med slåttekniv eller kantklyppar med firkant- eller trekantblad, avhengig av kva arealet toler. Slå ikkje lågare enn 7 – 10 cm for å skåne vitale plantedelar og insekt. Pussing med beitepussar blir ikkje rekna som slått.*
- *Arealet må bli slått seint kvart år, til dømes i løpet av juli eller tidleg august. Dei spesielle blomsterartane i gamle slåttenger er avhengige av sein slått for å overleve. Dersom slåtten blir for tidleg rekk ikkje blomstrane å setje modne frø som kan spire neste år.*
- *Graset/høyet må bli fjerna frå arealet. Gras som blir liggande igjen vil ha gjødslingseffekt, til skade for den artsrike vegetasjonen. Daudgras vil i tillegg gje dårlige spirforhold for planten om våren, i tillegg til å skape kjølegare og mørkare forhold der det vert vanskelegare for overvintrande insekt å klekke.*
- *Ein bør ha beiting (vår og) haust med sau eller lett storfe, og helst med same type husdyr og etter same beitemønster som tidlegare. Beiting med tyngre storferasar er ueigna grunna tråkkskader og slitasje. Vårbeitinga bør vere ferdig innan midten av mai, eller utgangen av mai i indre strok, slik at frø frå blomsterartane rekk å bli modne før slåtten. Beiting om hausten kan gjerne vare så lenge som råd/ut september.*
- *Jordarbeiding, gjødsling, kalking eller isåing er ikkje aktuelt i ei artsrik eng då dette vil endre vegetasjonen. Særs sur eng med pH lågare enn 4,0 kan likevel bli kalka med skjelsand med ei mengd som er utrekna for å nå pH 4,0. Andre unntak er den naturlege husdyrgjødsla som vert liggjande etter vår- og haustbeiting, og tradisjonell gjødsling med særs små mengder fast sauwegjødsel med erfaringar om at dette ikkje har skada enga. Her kan ein etter nærmare vurdering drive vidare på same måte. Dette skal vere diskutert med Fylkesmannen på førehand med skriftleg avklaring.*

### **Utmålingseining**

Tilskotet blir utmålt per dekar

### **Tiltaksklassar**

- Svært viktig (A-lokalitetar)
- Viktig (B-lokalitetar)
- Lokalt viktig (C-lokalitetar)

#### 4.4.2 Tilskot til beiting av kystlynghei

##### **§ 8 Beiting av kystlynghei**

*Det kan gjevast tilskot for beiting av kystlynghei som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmiddel. Kystlyngheia skal vere registrert i miljødatabasen*

*Naturbase med verdi A (svært viktig), B (viktig) eller C (lokalt viktig). Det er krav om minst 3 månader vinterbeiting med tilstrekkeleg beitetrykk. Tilskotet blir fastsett per dekar.*

*Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 500 dekar per føretak.*

##### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til at naturtypen kystlynghei blir teke vare på gjennom beiting.

##### **Omtale**

Kystlyngheia er menneskeskapt gjennom brenning, beiting og slått, og den er ein av dei eldste kulturmarkstypane våre. Store delar av lyncheiene gror i dag diverre att grunna svakare beiting og mindre brenning. Noreg har eit ekstra ansvar for å ta vare på denne naturtypen, og utbreiinga av lynchei på Vestlandet utgjer mykje av lyncheiene i Noreg.

Areal som er prega av attgroing har ikkje rett på tilskot, sjølv om det beiter dyr i området. Tiltaket gjeld areal som er kartlagt og definert som utvald naturtype kystlynghei (svært viktig og viktig), samt kystlynghei av lokal verdi (lokalt viktig). Tiltaksklassene svarar til verdisettinga av arealet i Naturbase. Areal som ikkje er registrert i Naturbase kan ikkje få tilskot før arealet har blitt registrert i Naturbase. Med vinterbeite meiner ein beiting i vinterhalvåret frå september til februar der dyra tek opp det vesentlege av næringstrongen frå beite. Det er ikkje sett krav om kva dyreslag som skal beite i kystlyngheia.

##### **Skjøtselsråd**

*Dersom det finst skjøtselsråd for lokaliteten i Naturbase, bør ein følgje desse.*

Dersom det ikkje finst særskilte skjøtselsråd for lokaliteten, gjeld følgjande generell rettleiing for drifta, jf krav om at beitinga skal bli gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra:

- **Beitetid:** Det er oftast best effekt når beitedyra går i lynchei heile døgnet, men beitinga kan òg vere kombinert med inneföring eller föring på föringsplass. Berre sommarbeite er ikkje nok då dyra føretrekk næringsrikt gras. Vinterbeite er nødvendig for å få god nok skjøtsel. Tidleg vårbeite er bra for å hindre oppslag av busker og tre. I områder med blåtopp er det viktig med tilstrekkeleg beitetrykk i april/mai.
- **Beitetrykk:** Det er viktig at beitepresset er tilpassa kvaliteten på lyngen. Alderen og utsjånaden på lyngen avgjer kor mykje areal ein treng for kvar sau på vinterbeite. Rettleiande råd kan til dømes vere:
  - Lynchei i moderat til god hevd med noko innslag av grasmark: ca 15 dekar netto lyncmark per vinterbeitande morsau
  - Lynchei i därleg til moderat hevd: 20-25 dekar netto lyncmark per beitande morsau.Dette arealet er ikkje tilstrekkeleg dersom lyngen er gamal og grov. I område med gamal lync bør ein ikkje ha dyr på vinterbeite før ein har brent lyngen. Ein har ikkje tilsvarande råd om arealbehov for storfe.

- **Brenning:** Der det er gamal lyng bør ein svi for å fornye lyngen og sikre god beiteverdi. I tradisjonell drift av kystlynghei inngår både vinterbeiting og lyngsviing. På kystlynghei i drift bør alt arealet vere svidd i løpet av ein 15-årsperiode. På vindutsette plassar ut mot havet og der beitepresset er høgt, kan lyngen halde seg frisk noko lenger.
- **Dyrevelferd:** Det skal vere god dyrevelferd, og husdyrhaldet skal vere i tråd med regelverk for husdyrhald og Mattilsynet sine tilrådingar. Dette omfattar mellom anna løvve for å halde dyr utan tilgang på hus, krav til kor tamme dyra skal vere, tilleggsføring ved behov og føring av dyrehaldjournal. Ein bør vere varsam med å sleppe sau på vinterbeite i område der lyngen ikkje har vore brent eller beita på meir enn 25 år. I slike områder bør ein først svi for å få opp ny lyng. Etter sviing er det viktig med sommarbeite for å halde graset nede og så gradvis trappe opp beitepresset om vinteren etter kvart som lyngen kjem i gang.

### **Utmålingseining**

Tilskotet blir utmålt per dekar

### **Tiltaksklassar**

- Svært viktig (A-lokalitetar i Naturbase)
- Viktig (B-lokalitetar)
- Lokalt viktig (C-lokalitetar)

#### 4.4.3 Tilskot til brenning av kystlynghei

### **§ 9 Brenning av kystlynghei**

*Det kan gjevast tilskot for brenning av kystlynghei som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbетra. Tilskotet kan berre gjevast som eit tillegg til tilskot etter § 8 Beiting av kystlynghei. Brenninga skal utførast i tidsrommet mellom 15. september og 15. april og etter avklaring med lokalt brannvesen. Brenninga skal vere godt planlagt og den skal gjennomførast på ein forsvarleg måte. Tilskotet kan berre gjevast for areal som er brent etter søknadsfristen i føregåande søknadsomgang, og det kan ikkje gjevast tilskot for brenning av same areal oftare enn kvart 10. år. Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 500 dekar per føretak*

### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til at område med kystlynghei blir brent. Lyngbrenning er nødvendig for å fornye røsslyngen slik at ein opprettheld kvaliteten på lyngbeita, samt å hindre oppslag som busker og tre som beitedyra ikkje held nede.

### **Omtale**

Lyngheier må bli svidd med jamne mellomrom, om lag kvart 15. år for å oppretthalde god beitekvalitet vinterstid. Etter sviing får lyngen raskt god kvalitet. Størsteparten av kystlyngheia i Vestland blir for lite svidd. Det er krevjande å få gjennomført sviing av kystlynghei, og tiltaka krev både nok mannskap, god planlegging og godt samarbeid med lokalt brannvesen. I takt med attgroing og oppdeling av lyngheiareal blir sviinga stadig meir krevjande. Ein del grunneigarar har ikkje lenger tilknyting til landbruket og har difor mindre forståing for drifta og at det er nødvendig å svi lyngen. Det er difor viktig å gje god informasjon og jobbe for eit godt samarbeid. Ein kan berre få tilskot for

brenning av kystlynghei for det arealet som ein får tilskot for beiting av kystlynghei for.

#### Skjøtselsråd:

- **Tidspunkt:** Lyngbrenning skal gjerast mellom 15. september og 15. april. Dei viktigaste grunnane til dette er for å unngå jordbrann, ha kontroll på elden og av omsyn til hekkande fugl og anna dyreliv. Dersom ein skal brenne tidleg på hausten etter ein tørr sommar, må det først komme ei god rotbløyte. Ta kontakt med Fylkesmannen (miljøvernnavdelinga) dersom du planlegg brenning i verneområde for fugl.
- **Brannvesenet:** Ein bør jobbe for eit godt og tillitsfylt samarbeid med brannvesenet. Respekter lokale brannforbod. Etter ein våt vinter/vår er det mogleg å søke om dispensasjon til å brenne i slutten av april, men ein bør uansett ikkje brenne etter 1. mai. Gje alltid beskjed til brannvesenet før brenning, helst i god tid og alltid når ein tenner opp elden og når elden er sløkken. Brannvesenet vil gjerne ha ein liten plan for brenninga, inkludert kart. Sjå meir under «planlegging».
- **Planlegging:** Lyngbrenning må alltid planleggjast på førehand: Kva areal som er aktuelle, korleis avgrense elden, trong for branngater, sløkking. Utnytt topografien til å lette oppetenninga og til å avgrense elden. Branngater kan ryddast når ein har tid på andre tider av året. Hugs å informere grunneigar.
- **Vind:** Brenn aldri i sterkt vind. Litt vind er alltid ein fordel. Merk at elden «syg» luft, slik at reell vindstyrke på flammene er større enn eigentleg vindstyrke. Prøv å brenne mot vinden, om mogleg. Jo tørrare det er, di meir merksam må ein vere på vinden.
- **Mannskap:** Det kan aldri bli for mange deltagarar på ei lyngbrenning. Det bør vere minimum 5 personar ved mindre brannar under trygge forhold, helst fleire. Før ein tenner opp, må alle vere einige om plan for brenninga og kven som har kommandoen. Kun ein person skal leie brenninga.
- **Utstyr:** Alle deltagarar må ha sløkkingsutstyr. Det er vanleg med skogbrannsmekke, men aluminiumsspade med langt skaft kan også brukast. Bruk kle i ull og bomull, unngå kunststoff som smelter i varme. Vern hender, hår og auger.
- **Mosaikk:** Prøv å etablere ein mosaikk i lyngen med brannflater av ulik alder. Dette gjev best beitekvalitet gjennom året. Utnytt topografien til å lage mange mindre brannar i staden for ein stor. Små brannflater på 5-50 daa gir best mosaikk. Ved oppstart av skjøtsel i områder med gammal lyng, er det naturleg å brenne større flater i starten for å komme i gang med lyngen. Regelmessig brenning stimulere til auka spriring av frøbanken og gjev høgare artsmangfold.
- **Avslutting:** Forlat aldri ei rykande brannflate, sjølv om flammene er sløkt, kan det ulme under bakken. Avslutt difor brenninga i god tid før det blir mørkt.
- **Kor ofte:** Kor ofte ein må brenne, er avhengig av beitepress, jordkvalitet og kvar lyngen ligg i landskapet. Ein må vurdere høgde på lyngen, forveding og kor frisk den er. I snitt må det same feltet brennast om lag kvart 15. år på Vestlandet. Dvs at ein bør brenne 5-10 % av lyngmarka kvart år.

## **Utmålingseining**

Dekar

### 4.4.4 Tilskot til skjøtsel av truga naturtypar

#### **§ 10 Skjøtsel av truga naturtypar**

*Det kan gjevast tilskot for beiting av naturbeitemark og hagemark i jordbrukslandskapet som er gjennomført slik at det biologiske mangfaldet i naturtypen blir teke vare på eller forbetra. Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmiddel. Arealet skal vere registrert i miljødatabasen Naturbase med verdi A (svært viktig), B (viktig) eller C (lokalt viktig). Arealet skal beitast med høveleg beitetrykk. Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 70 dekar per føretak.*

#### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til skjøtsel for å ta vare på truga naturtypar som er kulturbetinga. Dei truga naturtypane er definerte etter Norsk raudliste for naturtypar 2018. Dette er areal med særleg verdi for plante- og dyrelivet, areala er opparbeida gjennom jordbruksdrift i tidlegare tider, og areala står no i fare for å forsvinne.

#### **Omtale**

Naturbeitemark og hagemark er areal som har vore i langvarig bruk som beite, kanskje i mange hundre år. Dei er lite eller ikkje gjødsla, og det er ikkje isådd framande planteartar. Dei kan difor innehalde mange truga planter, sopp og insekt. I Vestland kan tilskot gjevast for beiting av den truga naturtypen seminaturleg eng, registrert i Naturbase som *naturbeitemark* eller *hagemark*. Hagemark er tresett naturbeitemark der trea gjerne er styva. Areala må beitast med høveleg beitetrykk. Både for sterkt og for svakt beitepress kan forringje naturtypen og redusere artsmangfaldet.

#### **Skjøtselsråd**

*Dersom det finst skjøtselsråd for lokaliteten i Naturbase, bør ein følgje desse.*

Dersom det ikkje finst særskilte skjøtselsråd for lokaliteten, gjeld følgjande generell rettleiing for drifta,jf krav om at beitinga skal bli gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra:

- *Arealet må bli beita, helst med same type husdyr og etter same beitemønster som i tradisjonell drift tidlegare.* Planteartar kan forsvinne dersom ein skiftar dyreslag eller endrar beiteperioden.
- *Tidleg beiteslepp er normalt gunstig. Beitet bør vere godt nedbeita på slutten av sesongen,* sidan beitemarkssoppene krev mykje lys og lite oppsamling av næring.
- *Arealet bør ikkje vere tilgrodd eller ha lågt beitepress slik at mykje daudgras blir liggande att om hausten.*
- *Arealet bør ikkje vere dominert av tre og busker som gir mykje skugge.* I hagemarker må ein ta vare på trea.

## **Utmålingseining**

Dekar

## **Tiltaksklasse**

- Beiting

### 4.4.5 Tilskot til skjøtsel av styvingstre

#### **§ 11 Skjøtsel av styvingstre**

*Det kan gjevast tilskot for styving av tre som er gjennomført på ein skånsam måte slik at trea sitt sær preg og biologiske mangfold blir teke vare på. Tilskotet blir fastsett per tre. Tilskotet kan berre gjevast det året treet vert styva. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 70 tre per føretak.*

#### **Formål**

Formålet med tilskotet er å skjøtte og ta vare på styvingstre som er viktige for biologisk mangfold og som ein del av jordbruks kulturlandskap.

#### **Omtale**

Styvingstrea spelar ei viktig rolle i kulturlandskapet som kulturmidlar av tidlegare tiders driftsformer, samt at dei kan huse mange artar og såleis bidra til oppretthalting av det biologiske mangfaldet. Tre kan vere ein del av kulturmarkstypane hagemark, lauveng og haustingsskog, eller dei kan stå enkeltvis eller i små grupper. Styving blir utført ved tilbakeskjering av nye skot på gamle styvingstre. Greinene frå dei nye skota vert tunne og dekka av lauv og er godt egnar for hausting til dyrefør. Tilskotet gjeld i utgangspunktet berre for eldre styvingstre, men det kan òg bli gitt tilskot for styving av nyare tre når desse inngår i eit miljø av eldre styvingstre. Nye tre kan berre få tilskot dersom dei erstattar eldre styvingstre som døyr. Verken hyppig eller sjeldan styving er bra, og eit styvingstre skal ikkje styvast oftare enn kvart femte år.

#### **Skjøtselsråd**

- Styving skal utførast om lag kvart 5. til 10. år, avhengig av veksten på treet, treslag og formål med styvinga. Hyppig kutting gjer det enklare å bruke kvistsag frå bakken, og det vert meir lauv enn kvist. Om ein ventar opp til 10 år blir det betre vedemne.
- Ein kan styve heile året, men det er gunstigast med styving i den kalde årstida for å unngå sopp og roteskade på treet. Unngå styving om våren når sevja stig og når det er hard frost. Under hard frost blir veden sprø, og det blir då lettare blir skadar på tre og den som arbeider.
- Kappstaden på treet må vere godt over beitehøgd til husdyr, det vil sei om lag 2,5-3 meter over marka. Følg det som har vore praksis i området.
- Kapp greinene om lag 3-5 cm utanfor førre kappflate (sist styving) og i alle høve nokre centimeter utanfor greinkraken (synleg overgang mellom stamme og grein), slik at denne står att. Då får ein gode skot på styvingstreet. Greinkraken er ein del av stammen og må ikkje skadast.

- Unngå for store kappflater, men skråskjer slik at regnvatn renn av kappflatene.
- Lauvet har størst förverdi frå jonsok og utover sommaren. Lauv til før må haustast før lauvet gulnar.
- Greiner og kvister som ikkje skal nyttast til før eller virke må fjernast, brennast eller leggjast i haug på bortgøynde stader.

### **Utmålingseining**

Tilskotet blir utmålt per tre som er styva sidan førre søknadsomgang

#### 4.4.6 Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

##### **§ 12 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl**

*Det kan gjevast tilskot for å legge til rette for hekking av dei truga fugleartene vipe, åkerrikse og storspove på eller i tilknyting til jordbruksareal. Tiltaket gjeld for tilrettelegging på fulldyrka og overfylatedyrka areal. Arealet det blir gitt tilskot for må vere dokumentert av Fylkesmannen til å ha verdi for hekkinga, og skjøtsel på arealet skal vere i samråd med Fylkesmannen. Tilskotet blir fastsett per dekar.*

*Tiltaksklassar:*

- *låg tilrettelegging for lokalitetar med vipe*
- *høg tilrettelegging for lokalitetar med storspove og åkerrikse*

### **Formål**

Formålet med tilskotet er å ta vare på truga fugleartar som er avhengig av hekking i tilknyting til jordbruksareal.

### **Omtale**

Vipe, åkerrikse og storspove har gått mykje tilbake grunna intensivering i jordbruket. Tiltak i jordbruket kan redusere lokal nedgang og bidra til at desse karakteristiske fuglane igjen blir ein del av jordbrukslandskapet.

Dei som ønskjer å søkje på tilskot til tilrettelegging av hekking, må ta kontakt med Fylkesmannen før gjødsling og slått ved kjente hekkelokalitetar, slik at Fylkesmannen kan lokalisere reirplass og peike ut kva areal som treng ekstra omsyn og kva tiltak som bør bli gjort. Dersom ein oppdagar hekkande fugl på lokalitetar der det ikkje er årleg hekking, bør ein ta kontakt med Fylkesmannen så snart ein observerer fuglane. Fylkesmannen vil i samråd med bonden vurdere kva areal som er aktuelle og kva type tiltak som trengst. Kva areal det er aktuelt med tiltak på, tek utgangspunkt i kvar reiret ligg. For storspove vil sjølve reiret oftast liggje i eit beite, og tiltaka gjeld då på tilgrensande dyrka areal.

Fylkesmannen avgjer i samråd med bonden tidlegaste tidspunkt for slått og andre nødvendige omsyn i drifta. Aktuelle tiltak kan til dømes vere:

- Slå sein førsteslått, det vil sei etter 15. juni for vipe, etter 15. juli for storspove og etter 15. august for åkerrikse

- Unngå gylling av reir ved å køyre utanom hekkeområdet eller ved å setje bøtte over reiret ei kort tid
- Unngå å trekke tilførsleslange over reir
- Tilpasser køyremønster for slåtten slik at fuglane kan finne skjul

#### **Skjøtselråd:**

##### **Fuglevenleg køyremønster ved slått**

Når rugetid og klekking er vel overstått, held ungane seg i skjul i det høge graset fram til dei kan fly. Dersom slåtten kjem før ungane kan fly, må ein difor unngå å drive ungane saman i eit stadig minkande areal som så blir slått til sist. Slår ein marka frå yttersidene og innover, må arealet i sentrum bli ståande igjen uslått. Eventuelt kan ein starte på ei langside og slå fram og tilbake, eller på ein annan måte tilpassa arronderinga av marka. Det viktigaste er at ungane får ein sjanse til å samle seg i den flekken som blir stående uslått igjen til sist. Dersom marka som skal slåast grensar til ein teig som ikkje skal slåast med det første, bør ein starte slåtten frå den sida av marka som ligg lengst vekk frå naboteigen, med mål om å drive fuglane over på naboteigen.

#### **VIPÉ (sterkt truga)**

Vipe hekkar gjerne på dyrka mark. Vipe unngår å leggje reira på små engareal og område med skogkant eller enkelttre som kråker og andre eggrøvarar kan sitte skjult i. Vipa vil helst ha store, opne flater som hekkeplass, og reiret er difor oftast å finne på intensivt dyrka mark. Vipa er trekkfugl og kjem som regel i mars-april. Hannfuglane har tydeleg fluktspel over den kommande hekkeplassen, og det enkle reiret (ei grop fóra med gras) blir ofte laga tidleg/midt i april. Rugetida er 24-28 dagar. Ungane forlet reiret straks dei er tørre etter klekkinga, og dei blir passa av hofuglen. Ungane er flygedyktige om lag ein månad etter klekking. Ungane må ha parti med høgt gras å göyme seg i, og inntil ungane er flygedyktige rundt 15. juni, kan det vere eit aktuelt tiltak å setje att uslått areal. Dette kan vere til dømes eitt dekar uslått areal pr. par på mark der det berre hekkar enkeltpar, eller ein halv dekar pr. par på marker der det hekkar fleire vipepar. Areala kan setjast igjen spreidd eller samla på marka, men kvart av dei bør ha eit minsteareal på ein halv dekar. Reir med egg kan om nødvendig flyttast ved pløying eller harving, men reiret bør helst tilbake på same plass etterpå. Reiret må flyttast så heilt som mogleg, gjerne med ein spade. Plassér ei bøtte over reiret ved gylling. Reiret kan merkast med pinne, til dømes ein pinne 5 m mot nord, eller to pinnar 5 m til kvar side.

#### **STORSPOVE (sårbar)**

Storspove kan hekke både på åker, eng, myr og lysthei, men den hekkar helst der det er variert, litt høg vegetasjon, og fuglen er godt kamuflert på reiret. Storspoven hekkar berre sjeldan på intensivt driven dyrkamark, men dersom det skulle skje, bør fuglane følgjast opp på same måte som vipa (sjå omtale over). Storspoven kjem ofte tidleg i april, og den legg egg seint i april eller tidleg i mai. Rugetida er 26-30 dagar. Ungane er flygedyktige 5-6 veker etter klekking. Dersom reiret ligg på intensivt dyrka jord som grensar uhindra til eng eller hei med vegetasjon å skjule seg i, vil spovane flytte over dit. Det er då ikkje nødvendig å setje igjen uslått areal på den intensivt dyrka delen etter at fuglane har forlate reiret. Dersom det ikkje er tilgang til uslått areal, kan det vere eit tiltak å sette att uslått gras på same måte som for vipe, men berre fram til 15. juli.

#### **ÅKERRIKSE (kritisk trua)**

Åkerrikse hekkar i kulturmark med høgt gras og godt skjul, men dette kan vere alt frå kornåker til brakmark. Åkerriksa lever svært skjult og blir sjeldan sett. Åkerriksa er trekkfugl og kjem som regel i slutten av mai. Den kan dermed etablere seg i skjul av høgt gras ved ankomst, og hannane byrjar straks å synge ei karakteristisk kreksing om natta. Reiret blir ofte lagt i ei grop i bakken nær hannen

sin sangpost. Åkerrikса legg egg i byrjinga av juni og byrjar ofte ruginga rundt 10. juni. Rugetida er på 17-19 dagar. Ungane forlét reiret straks dei er tørre etter klekkinga, og dei blir passa på i to veker. Ungane er flygedyktige 6-7 veker etter klekking. Både vaksne og ungar må ha høgt gras å gøyme seg i. Det kan difor vere eit tiltak å setjast igjen minst 5 dekar uslått areal fram til 15. august.

### **Utmålingseining**

Tilskotet blir utmålt per dekar

### **Tiltaksklasse**

- Låg tilrettelegging: vite
- Høg tilrettelegging: storspove og åkerrikse

## 4.5 Regionale miljøtilskot innan kulturminne og kulturmiljø

### 4.5.1 Tilskot til drift av støl

#### **§ 13 Drift av støl**

*Det kan gjevast tilskot for drift av stølsanlegg med mjølkeproduksjon. Produksjonsperioden skal vere minst seks veker per sesong. Mjølka som blir produsert, skal leverast til meieri eller foredlast på stølen. Produksjonen skal vere minimum 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk i døgnet per støl. Tilskotet blir fastsett per støl, og tilskotet blir fordelt på tal føretak som oppfyller kravet til mjølkeproduksjon på stølen.*

### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til drift av stølsanlegg.

### **Omtale**

Stølsdrift er mjølkeproduksjon basert på utmarksbeite, og gjennom beitedyra bidreg stølsdrifta til å halde kulturlandskapet i utmarka ope. Stølsdrift er såleis grunna beitinga og gunstig for det biologisk mangfaldet. Beitedyr og stølsdrift gjev for mange ein ekstra dimensjon til opplevelingane i stølsområda og på fjellet. Kulturminna knytt til bruk av fjellet, som gamle ferdselsvegar og stølsbygninga, blir best tatt vare på om det er drift i fjellet. Ikkje minst er stølsdrift viktig formidling og vidareføring av kunnskap, tradisjon og kulturarv. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å forvalte utmarksområde som stølslandskap, men tal stølar i drift i Vestland har diverre vorte færre dei seinare åra.

Tilskotet blir gitt per støl uavhengig av om det er enkeltstøl (eige produksjonsanlegg) eller fellesstøl (felles produksjonsanlegg). Deltakarar på fellesstøl skriv tal deltakarar på stølen i søknaden, og tilskotet blir fordelt mellom føretaka som deltek i fellesstølen. Samdrift vert rekna som eitt føretak.

### **Utmålingseining**

Tilskotet blir utmålt per støl fordelt på tall føretak som har dyr på stølen.

### **Tiltaksklassar**

- Eigen foredling
- Levering til meieri

#### 4.5.2 Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne

##### **§ 14 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne**

*Det kan gjevast tilskot for skjøtsel av automatisk freda kulturminne etter lov av 6. juni 1978 nr. 50 lov om kulturminner § 4, som grensar til jordbruksareal. Skjøtselen skal vere gjennomført slik at kulturminnet er synleg i jordbrukslandskapet. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden. Tilskotet gjeld for skjøtsel av areal rundt synlege kulturminne, slik som gravfelt, bergkunst/helleristningar, åkerreiner, røysfelt, buplassar, tufter, vegfår og bygningar. Det kan ikkje løyvast tilskot til lokalitetar som er avmerkte i Askeladden som dyrkingslag og kulturlag, lokalitetar avmerkte som uavklara funnstader, lausfunn og liknande, der skjøtsel ikkje vil medverke til at kulturminnet vert meir synleg i jordbrukslandskapet. Tilskotet blir fastsett per dekar. Dersom lokaliteten er mindre enn 1 daa, kan det søkast om 1 daa. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum kr 5000 per føretak.*

##### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til skjøtsel av automatisk freda kulturminne for å halde dei synlege i jordbruket sitt kulturlandskap. Alle faste kulturminne frå før år 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova § 4 første ledd.

##### **Omtale**

Kulturminne er fysiske spor etter menneska som levde før og deira liv og virke. Tiltaket gjeld automatisk freda kulturminne, og kulturminnet skal grense til eller ligge på jordbruksareal. Med «grense til» meiner vi at kulturminnet ligg slik at det er ein naturleg del av det jordbrukslandskapet som blir skjøtta. Skjøtselen skal vere gjennomført slik at kulturminnet er synleg i jordbrukslandskapet. Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden. Alle automatisk freda kulturminne har ein sikringssone på minimum 5 meter i alle retningar rundt det freda objektet (jf. § 6 i kulturminnelova). Denne sikringssona er med i det arealet som kan få tilskot.

##### **Skjøtselsråd**

###### Fjerning av vegetasjon og slått

- Gras og liknande skal fjernast frå området etter slått. Det er ikkje tillate med lagring eller brenning av dette på eller i sikringssona til kulturminnet eller feltet
- Vegetasjon som er slått må ikkje leggjast slik at det er til hinder for sikt og utsyn til og frå kulturminnet
- Det skal ikkje nyttast tunge maskiner som set merke i bakken/skadar torva
- Det skal ikkje flyttast på stein, fjernast torv eller mose eller gravast i bakken under arbeidet, event må slike tiltak vere lagt fram for og avklara med fylkeskommunen før arbeidet tek til
- Godkjende sprøyte- og plantevernmiddel kan berre nyttast på vegetasjon som veks på kulturminne og i sikringssona etter ei fagleg vurdering frå Fylkeskonservatoren

###### Beiting

- Ved beiting skal det nyttast småfe. Beiting med større husdyr kan føre til trakk og slitasje på kulturminnet og må i tilfelle avklarast med Fylkeskonservatoren
- Det må ikkje setjast opp drikkekar, saltsteinar, fôringsplassar eller liknande for beitedyr nær kulturminne, då dette vil auka faren for trakkskadar og erosjon

## Generelt

- Dersom det under arbeidet skulle oppstå skade på kulturminne, må arbeidet stoggast og tiltakshavar må kontakte Fylkeskonservatoren
- Det er tillate å fjerne *vegetasjon og søppel* frå kulturminne og kulturminneområde, men det er ikke lov å grave i bakken, flytte på stein, planere, eller fylle på masse
- Det er ikke lov å gjøre noko for å endre kulturminna, heller ikke om hensikta er å rydde, reparere eller gjøre dei meir tydelege
- Dersom det vert gjort meir omfattande skjøtsel på eller tett ved kulturminne, skal det sendast varsel om dette til Fylkeskonservatoren før arbeidet tek til
- Ved skjøtsel av bergkunst skal Fylkeskonservatoren alltid varslast før arbeidet tek til
- Ved behov for rydding i forkant av skjøtsel som slått eller beiting, er hovudregelen at alle mindre busker og småskog skal fjernast frå kulturminnet ein ryddar. Særmerkte tre og busker kan stå att
- Felling av større tre må utførast med varsemd, og det skal det takast omsyn til fallretning for å unngå skade på kulturminne
- All vegetasjon som vert fjerna skal kappast så nært bakken som råd
- Det skal ikke fjernast stubbar eller røter frå bakken, verken med maskin eller manuelt, då dette kan føre til utilsikta skade på kulturminne
- Rotvelta tre må fjernast på skånsam måte, er du i tvil ta kontakt med Fylkeskonservatoren i fylkeskommunen
- Ved fjerning av tre som ligg eller veks over kulturminnet må stammen som hovudregel kappast i mindre stykke på staden før fjerning for å unngå å gjøre skade. Bruk av annan metode må avklarast med Fylkeskonservatoren

## Utmålingseining

Tilskotet blir utmålt per dekar

## Tiltaksklassar

- Beiting
- Slått

## 4.6 Regionale miljøtilskot innan avrenning til vatn og utslepp til luft

### 4.6.1 Tilskot til kantsone i eng

#### § 15 Kantsone i eng

*Det kan gjevast tilskot for å ha ei kantsone i eng langs kanten mot vassdrag som ikke er gjødsla eller sprøyta i søknadsåret. Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei breidde på minimum fire meter målt frå normalvasstanden til vassdraget, der minst to meter ligg på fulldyrka eller overfaltedyrka areal. Kantsona skal haustast ved slått eller beiting i søknadsåret. Ved fornying skal jordarbeiding og såing skje mellom 1. mars og 1. juli. Tiltaket gjeld for fulldyrka og overfaltedyrka areal i område fastsett og kartfesta av Fylkesmannen i nedbørsfelta til utvalde vassdrag/vassførekommstar. Tilskotet blir fastsett per meter.*

*Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 1000 meter per føretak.*

## **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til at areal der det vert dyrka fleirårige urte-/grasvekster til fôr, og som grensar mot vassdrag, ikkje blir gjødsla eller sprøyta.

## **Omtale**

Mykje jordbruksareal i aktiv drift i Vestland grensar til vassdrag. Spreiing av gjødsel mot vassdrag kan lett føre til avrenning av næringsstoff. Særleg der det er lita sone med naturleg vegetasjon mellom jordbruksareal og vassdrag kan det ha god effekt å redusere gjødslinga på jordbruksareal nærmest inntil vassdraget. Tiltaket inkluderer sona på to meter utan jordarbeiding som er sett som vilkår etter forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 4. Tilskotet kan bli gitt frå det året grasdekket er etablert. Det er ikkje lov å fjerne naturleg kantvegetasjon lang vassdrag slik at det går ut over den økologiske funksjonen som kantvegetasjonen har, jf vassressurslova.

Tiltaket gjeld for utvalde vassdrag/vassførekomstar som er fastsett og kartfesta av Fylkesmannen. Dei utvalde vassdraga/vassførekomstane har aktivt landbruk i nedbørssfeltet, og dei har enten populasjonar av elvemusling eller vasskvalitet dårligare enn «god». I følgje vassdirektivet skal alle vassførekomstar minst oppretthalde eller oppnå god tilstand innan utgangen av 2021. Det er samansette årsaker til dårlig vasskvalitet i eit vassdrag eller ein vassførekomst slik som jordbruksdrift, spreidd avløp og andre kjelder. Fylkesmannen har definert eit avgrensa utval vassdrag/vassførekomstar ved innføringa av tiltaket. Etter kvart som forvaltninga får erfaring med tiltaket, kan lista med utvalde vassdrag/vassførekomstar bli utvida.

Tiltaket gjeld vassdrag og vassførekomstar lista opp i oversiktstabellen under. For meir detaljert oversikt; sjå vedlegg 1 i kapittel 6.1. Fylkesmannen har utarbeida kart over vassdraga/vassførekomstane som viser kva areal i nedbørstelta som har rett på tilskot. Desse karta er tilgjengelege i Fylkesatlas for Vestland.

Kommune:	Vassdrag/del av vassdrag:
Bergen	Haukåselva
Bergen, Os	Osvassdraget
Bømlo	Åreidelva
Fitjar	Fjordbekken
Flora	Nyttingeneselva
Gloppen	Svoragrova/Høgegrova (ved Myklebust)
Gulen	Elv ved Sande, Sandøyna
Jølster	Stardalselva frå Åmot til Øygarden, med sidebekkar
Jølster	Storegrova (ved Eikås)
Kvam	Røyrvikelva
Lindås	Eikangervassdraget, frå Fammestadtjørna og ned til fjorden
Luster	Dalselvi (indre Hafslø)
Os	Døsjaelva
Os	Osvassdraget
Osterøy	Lonevassdraget
Radøy	Hallandsvassdraget
Samnanger	Skjelåna
Selje	Dalsbøvassdraget
Sveio	Vigdarvassdraget i Sveio kommune
Vaksdal	Eksinge vassdraget frå Gullbrå til Flatekval
Vik	Hopra

## **Utmålingseining**

Tilskotet vert utmålt per løpemeter kantsone

### 4.6.2 Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen

#### **§ 16 Spreieing av husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesongen**

*Det kan gjevast tilskot for spreieing av husdyrgjødsel og biorest om våren eller i vekstsesongen på areal som er kartfesta og fastsett av Fylkesmannen. Siste frist for spreieing er 10.august i søknadsåret. Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter spreieing i søknadsåret. Det skal minimum spreiest 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsela per dekar. Tilskotet kan berre gjevast dersom all husdyrgjødsel som føretaket disponerer blir spreidd om våren eller i vekstsesongen innan fristen, og tilskotet gjeld alt godkjend spreieareal. Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. Tiltaket gjeld godkjent spreieareal som er fastsett og kartfesta av Fylkesmannen i nedbørsfeltet til utvalde vassdrag/vassførekommstar. Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for minimum 80 og maksimum 250 dekar per føretak. Føretak som kjem inn under tiltaket kan gjevast tilskot for mellom 1 og 250 dekar. Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje i same søknadsgang gjevast tilskot etter § 17 Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel eller etter § 18 Spreieing av husdyrgjødsel med tilførselslange.*

#### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel og biorest blir spreidd på eit mest mogleg gunstig tidspunkt. Dette er viktig for å få best mogleg opptak av næringsstoffa i avlingane og for redusere forureining av vatn og utslepp til luft.

#### **Omtale**

Spreietidspunkt kan ha myke å sei for grad av næringsopptak og ureining ved spreieing av husdyrgjødsel. Sein gjødsling gjev større risiko for avrenning, både fordi plantene tek opp mindre næring, og fordi det gjerne er meir nedbør på hausten. Plantane tek opp og utnyttar næringa i gjødsela best når dei er i vekst. Tilførsel av næring på hausten vil føre til seinare avmogning av plantene og dermed større risiko for vinterskade.

Tiltaket inneber at all husdyrgjødsel som føretaket brukar på arealet sitt, skal spreiest om våren eller i vekstsesongen og før 10. august. Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje ved same søknadsgang motta tilskot for nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel. Arealavgrensinga i tilskotet er sett for å rette tilskotet mot den mest intensive landbruksdrifta.

Tiltaket gjeld utvalde vassdrag/vassførekommstar for areal som er fastsett og kartfesta av Fylkesmannen. Dei utvalde vassdraga/vassførekommstane har aktivt landbruk i nedbørsfeltet, og dei har enten populasjonar av elvemusling eller vasskvalitet därlegare enn «god». I følgje vassdirektivet skal alle vassførekommstar minst oppretthalde eller oppnå god tilstand innan utgangen av 2021. Det er samansette årsaker til därleg vasskvalitet i eit vassdrag eller ein vassførekommst slik som jordbruksdrift, spreidd avløp og andre kjelder. Fylkesmannen har definert eit avgrensa utval vassdrag/vassførekommstar ved innføringa av tiltaket. Etter kvart som forvaltninga får erfaring med

tiltaket, kan lista med utvalde vassdrag/vassførekommstar bli utvida. Ein kan berre få tilskot for areal som er utvalgt og kartfesta av Fylkesmannen, men siste frist for spreiing av husdyrgjødsel gjeld alt areal føretaket disponerer, både innanfor og utanfor prioritert areal. Tiltaket gjeld dei same vassdraga/vassførekommstane som i § 15 tilskot til kantsone i eng, sjå oversiktstabell s. 43, detaljoversikt i vedlegg 1 i kapittel 6.1 og kart i Fylkesatlas for Vestland.

#### **Utmålingseining**

Tilskotet blir utmålt per dekar

#### 4.6.3 Tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel

##### **§ 17 Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel**

*Det kan gjevast tilskot for spreiing av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling eller nedlegging.*

*Det skal spreiaast minimum 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsela per dekar. Siste frist for spreiing er 10. august i søknadsåret. Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter den siste spreieninga i søknadsåret. Husdyrgjødsel og biorest som er spreidd ved nedlegging i open åker, må moldast ned innan to timer. Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. Tilskotet blir fastsett per dekar.*

*Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 100 dekar per føretak. Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot etter § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen.*

#### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til at husdyrgjødsel blir lagt rett ned på jorda (nedlegging) eller blanda direkte i jordsmonnet (nedfelling) i staden for tradisjonell breispreiing med gjødselkanon eller liknande.

#### **Omtale**

Nedlegging og nedfelling av husdyrgjødsla motverkar tap av ammoniakk til lufta og avrenning av husdyrgjødsel til vatn. I jordbruksoppgjerset 2018 vart det fastsett at alle fylka skal ha tilskot for nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel. All husdyrgjødsel på eit areal i ein vekstsesong må vere tilført med nedfelling eller nedlegging for at arealet skal ha rett på tilskot, og husdyrgjødsela skal vere spreidd innan 10. august. Eit føretak treng ikkje fylle krava til tilskotet for alt det disponerte arealet, men arealet det blir søkt om tilskot for skal fylle alle vilkåra til tilskotet.

#### **Utmålingseining**

Tilskotet blir utmålt per dekar

#### 4.6.4 Tilskot til spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange

##### **§ 18 Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange**

*Det kan gjevast tilskot for spreiing av husdyrgjødsel og biorest med tilførselsslange, som eit tillegg til tilskot etter § 17 Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel. Føretaket må kunne*

*dokumentere bruk av tilførselsslange. Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 100 dekar per føretak. Føretak som mottek dette tilskotet kan ikke i same søknadsomgang gjevast tilskot etter § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen.*

### **Formål**

Formålet med tilskotet er å stimulere til bruk av tilførselsslanger for spreiing av husdyrgjødsel for å redusere jordpakking.

### **Omtale**

Redusert jordpakking kan gje betre avlinger fordi god jordstruktur gir betre levevilkår for planterøtene. Redusert jordpakking kan også gje mindre tap av lystgass, då jord med god jordstruktur infiltrerer vatn best. Tilskotet blir gitt som eit tillegg til tilskot til nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel. Det er ikkje mogleg å få tilskot til bruk av tilførselsslange utan bruk av nedfellings- eller nedleggingsutstyr.

### **Utmålingseining**

Tilskotet vert utmålt per dekar.

## 5 Oppfølging av miljøprogrammet

Regionalt miljøprogram er eit sjølvstendig program som er vedteke og forvalta av Fylkesmannen. Samstundes inngår miljøprogrammet som eit delprogram i Regionalt bygdeutviklingsprogram som også vert forvalta av Fylkesmannen. For Regionalt bygdeutviklingsprogram vert det årleg laga ein plan med tiltak og ansvarsfordeling. Regionalt miljøprogram vert derimot fastsett for ein programperiode på fire år. I løpet av programperioden vert det kun mindre justeringar, dersom det er naudsynt.

Miljøprogrammet er utarbeidd av Fylkesmannen i samarbeid med programmet si referansegruppe; Miljø- og kulturlandskapgruppa i Vestland. Fylkesmannen har ansvaret for forvaltninga og oppfølginga av programmet, og Miljø- og kulturlandskapsgruppa har ein rådgivande funksjon for Fylkesmannen sitt arbeid innan miljø- og kulturlandskap. Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget skal i kraft å vere avtalepartar i Jordbruksforhandlingane ha ei særstilling i høve dei andre samarbeidspartane i arbeidet med miljøprogrammet. Dei skal verte rådførte ved fastsetjing av førebelse og endelege tilskotssatsar i programmet, samt ved eventuelle justeringar av tiltak i programmet.

Miljø- og kulturlandsskapsgruppa i Vestland har rådgjevande funksjon i høve til miljøprogrammet, er leia av Fylkesmannen i Vestland ved landbruksavdelinga, og den er samansett av representantar frå:

- Sogn og Fjordane Bondelag
- Hordaland Bondelag
- Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag
- Hordaland bonde- og småbrukarlag
- Kommunane i Sogn og Fjordane
- Kommunane i Hordaland
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturminne og vassmiljø
- Hordaland fylkeskommune, kulturminne og vassmiljø
- Høgskulen på Vestlandet
- NIBIO Fureneset
- Norsk Landbruksrådgiving
- Fylkesmannen i Vestland, landbruk og miljø

Regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland si styringsgruppe er vedtaksgruppe for miljøprogrammet, er leia av Fylkesmannen i Vestland ved landbruksavdelinga, og den er samansett av representantar frå:

- Sogn og Fjordane Bondelag
- Hordaland Bondelag
- Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag
- Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
- Vestskog
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Hordaland Fylkeskommune
- Innovasjon Norge Sogn og Fjordane

- Innovasjon Norge Hordaland
- KS Sogn og Fjordane
- KS Hordaland

*Ved framtidige samanslåingar av etatar eller organisasjonar mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, vil fylkesrepresentantane i gruppene over erstattast med felles representant/-ar for Vestland.*

## 6 Vedlegg

6.1 Vassdrag og vassførekommstar som inngår i tiltaka Kantsone i eng (§15) og Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen (§16).

Kommune	Vassdrag/del av vassdrag	Vassførekomst	Årsak
Bergen	Haukåselva	061-167-R (Haukåsvassdraget)	Elvemusling
		061-26551-L (Haukåsvatnet)	
Bergen, Os	Osvassdraget	055-134-R (Osvelo ved Borgafjellet)	Elvemusling
		055-2056-L (Hetleflot- og Gåssandvatnet)	
		055-280-R (Gåssandvatnet og Hetlefoltvatnet tilløpsbekker)	
		055-279-R (Nordelva)	
		055-26934-L (Vinddalsvatnet)	
		055-135-R (Teinebekken / Syftlandsbekken)	
		055-115-R (Osvela og Røykenesvatnet sidebekkar)	
		055-26854-L (Hauglandsvatnet)	
		055-238-R (Elv gjennom Frotveitvatnet)	
		055-53-R (Hausdalselvi – Samdalselva)	
		055-26833-L (Samdalsvatnet)	
		055-73-R (Bekk ved Orrtua)	
		055-55-R (Hausdalselvi - Samdalselva sidebekkar)	
		055-237-R (Dyrdalselva)	
		055-43-R (Elv ved Husdalen)	
		055-136-R (Vallaelva)	
		055-276-R (Osvela og Vallaelva sidebekkar)	
		055-26949-L (Hegglandsvatnet)	
		055-26939-L (Tveitavatnet)	
		043-22268-L (Finnåsvatnet )	Elvemusling
		Deler av 043-1-R (Åreiddalselva)	
Fitjar	Fjordbekken	Deler av 044-32-R (Stemmetjørnvassdraget)	Elvemusling
Flora	Nyttingeneselva	Deler av 085-75-R (Høydalsfjorden nord)	Elvemusling
Gloppen	Svoragrova/Høgegrova (ved Myklebust)	087-146-R (Svoragrova/Høgegrova)	Vasskvalitet
Gulen	Elv ved Sande, Sandøyna	Søndre del av 068-41R (Sandøyna aust)	Vasskvalitet
Jølster	Stardalselva frå Åmot til Øygarden, med sidebekkar	Deler av 087-62-R (Sidebekkar Stardalselva) Deler av 087-57-R (Stardalselva / Votedalselva)	Vasskvalitet
Jølster	Storegrova (ved Eikås)	Deler av 084-313-R (Jølstra, sideelver)	Vasskvalitet
		Deler av 084-312-R (Jølstra)	
Kvam	Røyrvikelva	Deler av 053-33-R (Bekkefelt ved Storavatnet mm)	Elvemusling
Lindås	Eikangervassdraget, frå Fammestadtjørna og ned til fjorden	064-236350-L (Fammestadtjørna)	Vasskvalitet
		064-26332-7-L (Hegernesvatnet)	
		064-26377-L (Liavatnet)	
		Deler av 064-5-R (Eikangervassdraget nedre)	

Luster	Dalselvi (indre Hafslo)	076-3-R (Dalselvi) 076-95-R (Bekkefelt Dalselvi)	Vasskvalitet
Os	Døsjaelva	Deler av 056-147-R (Bekker Lysekloster-Hagevik)	Elvemusling
Os	Osvassdraget	Sjå under Bergen kommune	Elvemusling
Osterøy	Lonevassdraget	060-4-R (Lonelva) 060-3-R (Lonelvi bekkefelt) 060-26515-L (Borgovatnet)	Elvemusling
Radøy	Hallandsvassdraget	066-26329-L (Hallandsvatnet) 066-5-R (Haugland Myking elv) 066-5-R (Hallandsvatnet sidebekker) 066-26300-L (Mykingsvatnet) 066-26288-L (Hauglandsvatnet) 066-26284-L (Lommetjørnet) 066-7-R (Hallandsvatnet inn)	Vasskvalitet
Samnanger	Skjelåna	Deler av 055-256-R (Bekker Hisdalen/Gullbotn)	Elvemusling
Selje	Dalsbøvassdraget	091-17-R (Dalsbøvassdraget)	Elvemusling
Sveio	Vigdarvassdraget i Sveio kommune	041-1476-L (Vigdarvatnet) 041-33-R (Bekkefelt til Fore- og Vigdarvatnet) 041-22482-L (Nesavatnet) 041-22511-L (Mannavatnet) 041-94-R (Elv fra Eileråsvatnet)	Vasskvalitet
Vaksdal	Eksingevassdraget frå Gullbrå til Flatekval	063-26212-L (Bergovatnet) 063-193-R (Eksingedalsvassdraget midtre Bergo-Lavik) 063-193-R (Eksingedalsvassdraget midtre Lavik-Nese (inkl Flatekvål)) Deler av 063-59-R (Grøndalselvi) Deler av 063-46-R (Storelvi Ekso bekkefelt)	Vasskvalitet
Vik	Hopra	070-73-R (Hopra) 070-94-R (Tilløpselver Hopra nedre)	Vasskvalitet
Vågsøy	Maurstadelva	089-101-R (Maurstadelva)	Elvemusling